

Naturtypar i Rogaland



Kartlegging av utvelde område i 2018

Rune Søyland og Roy Mangersnes

FORORD

Ecofact har i 2018 på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland kartlagt naturtypar i 11 ulike område i kommunane Eigersund, Sokndal, Rennesøy, Bjerkreim, Time, Gjesdal, Tysvær og Sandnes. Kontaktperson for oppdraget hjå Fylkesmannen har vore Einar Heegaard. I dei 11 områda er det kartfesta 17 nye eller endra naturtypar som polygon, og 3 punktlokalitetar er tekne ut som naturtypen Store gamle tre. Nokre undersøkte lokalitetar har ikkje kvalifisert krava til naturtypar, og lyt slettast frå Naturbase. Desse er lista til slutt i rapporten. Naturtypar som er registrerte er Store gamle tre, Kystlynghei, Slåttemark, Slåttemyr, Hagemark og Naturbeitemark. For fleire av områda er det motteke informasjon om grunneigarar i områda, og i dei fleste høva har desse vore invitert med på feltregistrering, eller har bidrige med informasjon på områda. Andre område har vore store og komplekse utan moglegheit til å snakke med alle grunneigarar. Feltarbeidet vart lagt opp så godt som mogleg med tanke på relevante artar og naturtypar.

Kartlegging etter DN-handbok 13 og nyaste faktaark for aktuelle naturtypar er nytta for vurdering og verdisetting av naturtypane. For nokre område har det og vore relevant å presisere utformingane nærmare etter utformingane i NiN 2.1 (Naturtypar i Norge), der det har vore grunnlag for dette.

Avgrensingar er leverte som to kartfiler (shapefiler) med ei fil for polygon og ei for punkt. I rapporten er det sett inn forslag til nye eller endra faktaark og lagt ved representative bilete av lokalitetane. Bilete vert og levert separat.

Vi vil takka Fylkesmannen i Rogaland for eit godt samarbeid!

Sandnes

29.03.2019

Rune Søyland



Roy Mangersnes



Forfattar/signatur

Rodvelt

Ecofact ID: 1

Kommune: Eigersund

Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)

Naturtype: Kystlynghei (D04)

Utforming: Kalkfattig, lite tørkeutsatt hei (fattige fuktheier)

Verdi: B

Utvaled naturtype: Ja

Registreringsdato: 13. september 2018

Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Rune Søyland, Ecofact. Opplysingar frå Daniel Paulsen under feltregistrering og på telefon i mars 2019.

Stadkvalitet: < 20 m

Areal: 92,1 daa

Områdeskildring

Verdigrunngjeving:

Lokaliteten er gitt verdi Viktig (B) – lokaliteten får middels vekt på storleik, sidan lyngheia heng saman med lynghei på naboeigedomen som gjer lyngheiarealet større enn 100 daa, middels vekt på tilstand sidan det er lite attgroingspreg og lite problemartar, og middels vekt på raudlisteartar sidan klokkesøte finst i gode føremon. Verdien vil auke til særskilt viktig når drifta vert teken opp att i større deler av lokaliteten.

Innleiing:

Kartlegging av naturtypar etter DN-handbok 13 er gjort for Fylkesmannen i Rogaland i 2018, for spesielt utvelde lokalitetar. Faktaarket er skrive av Rune Søyland i mars 2019. Lokaliteten er ikkje tidlegare registrert i Naturbase. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer DN-handbok 13, samt framlegg til faktaark for kystlynghei (Jordal, 02.06.2014).

Stad og naturgrunnlag:

Rodvelt ligg sør for Åvendalsvatnet ved fv. 44 i Eigersund kommune, nær grensa til Sokndal kommune. Lokaliteten er berre avgrensa for den aktuelle eigedomen, men fortset i aust og med kystlynghei med liknande kvalitetar. Samanhengande fuktheidrag som går over på naboeigedomen er tekne med i avgrensinga, men ho er avslutta der berg i dagen lager mindre «grenser». Med naboteigen i aust er lokaliteten truleg over dobbelt så stor. I vest og til dels sør er det hyttefelt og attgroing som bestemmer grensa. Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring i felt og flybilete, og er vurdert å vere særskilt godt. Berggrunnen består av *Anertositt* og *leukonoritt* i veksling, lagdelt, og lausmassedekket er tynt/fjell i dagen (NGU). Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (Bn-O3).

Naturtypar og utformingar:

Området er dominert av fattig fukthei. I små parti er det tørrhei dominert av røsslyng. Det er også små parti med fattig jordvannsmyr, men stort sett er torvdjupnaden så liten at

det ikkje er myr men fuktig lysthei. Ein stad er det ei myr med særstakt djup torv, truleg ein større dam eller ei lita tjønn som er grodd att til myr. Denne vesle myra er prega av attgroing med takrøyrr, og har ein del bukkeblad. Vegetasjonen på fuktheia er typisk for regionen. Mykje blåtopp, bjørnnskjegg, klokkelystning, rome og røsslyng, og meir bjørnnskjegg enn blåtopp.

Artsmangfald:

Raudlistearten klokkesøte veks talrikt i lokaliteten, med fleire hundre planter. Arten veks litt spreitt men kan vere talrik på dei plassane han trivst. Vegetasjonen er elles fattig med ganske få artar. Kornstorr, pors og blåknapp er artar som tyder at vegetasjonen ikkje er av den aller fattigaste.

Bruk, tilstand og påverknad:

Beitebruken skal no takast opp att, og nye eigarar har no 7 dyr av skotsk høylandsfe, etter at dei starta opp med 3 dyr i 2017. I perioden ca. 1990 – 2000 var det ein del beite med sau, men litt sporadisk. Før dette var det ein periode på ca. 30 år utan beitedyr. Kva dyreslag som var før dette er ukjend. Det er heller ikkje kjent om det vart svidd eller gjort andre tiltak som del av drifta. Heia er til trass for liten bruk enno ganske open, men har i parti og kantar ganske mykje attgroing med bjørk, og litt eik. Mykje av attgroinga er ganske små tre, som vil vere lett å fjerne. Andre delar har større tre. Det er ein del einerkratt, men ikkje mykje.

Framande artar:

Ingen

Skjøtsel og omsyn:

Gradvis rydding av attgroingsartar, og regelmessig brenning av mindre felt av området anbefalast. Bruk til storfebeite som planlagt er gunstig – fuktheiane er godt eigna som beite for nøysame storferasar, og ekstensivt storfebeite er positivt for raudlistearten klokkesøte. Det er viktig at beitepresset er ekstensivt, og rotasjonsbeite med bruk av fleire teigar som eigarane har planlagt er ei god løysing. Rydding kan gjerast gradvis, så får ein sjå litt kor store tre dyra tek seg av. Beitebruken må vere utan tilleggsforing – skal drifta vere med tilleggsforing lyt dette gjerast utanfor verdisett areal. Det må ikkje gjødsla, kalkast, nyttast sprøytemidlar eller gjerast innrep i lokaliteten. Beitetilgang og trakkskadar lyt ein fylgje med på mens dyra er på beite.

Del av heilskapleg landskap:

Lokaliteten er del av eit heilskapleg kulturlandskap dominert av kystlynghei, og ligg nær ein større lokalitet av kystlynghei som heiter Mong-Hådyr, berre skilde av eit smalt belte bjørkeskog.



Figur 1. Rodvelt, kystlynghei med verdi viktig (B). Høgaste parti i bakkant ligg på naboeigedom i aust.
Foto: Rune Søyland

Øvre Steinberg

Ecofact ID: 2

Kommune: Sokndal

Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)

Naturtype: Slåttemark D01/Semi-naturlig eng T32

Utforming: Svakt kalkrik tørreng med klart hevdpreg eller svakt preg av gjødsling T32-C-16, Intermediær tørreng med klart hevdpreg eller svakt preg av gjødsling(T32-C-14) og Intermediær eng med svakt preg av gjødsling T32-C-6.

Verdi: B

Utveld naturtype: Ja

Registreringsdato: 2. juli 2018

Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Rune Søyland, Ecofact. Opplysningar frå Torbjørn Antoni Helleren, Lars Steinberg og Anders Steinberg på telefon 20.03.2019.

Stadkvalitet: < 20 m

Areal: 51,8 daa

Områdeskildring

Verdigrunngjeving:

Verdien er sett til Viktig (B). Lokaliteten får høg vekt på 3 parameterar; *storleik*, *typevariasjon* med 3 utformingar og *landskapsøkologi* med kort avstand til andre verdifulle kulturmarker og mykje grøntareal. På *tilstand* vert det middels vekt på grunn av lite attgroing og open mark med lite tre, og på *påverknad* er det gitt middels vekt. På siste parameter er det gitt middels vekt sjølv om det er meir enn 40 år sidan slåttebruken tok slutt, sidan det er ei variert beitedrift som bidreg til å oppretthalde lokaliteten, og andelen gode slåttemarksartar framleis gjer at potensialet for restaurering er godt. Det må seiast at så store lokalitetar med gammal slåttemark er sjeldsynt i Rogaland, sjølv om det er nytta ein del kunstgjødsel i området og område har vorte beita lenge. Lokaliseringa i landskapet og opplevingsverdi er og i særstilling.

Innleiing:

Kartlegging av naturtypar etter DN-handbok 13 er gjort for Fylkesmannen i Rogaland i 2018, for spesielt utvelde lokalitetar. Anbefaling om at området truleg har særskilde kvalitetar er komen frå Sverre Ørsland. Faktaarket er skrive av Rune Søyland i mars 2019, basert på synfaring i 2018 og samtalar med 2 noverande og ein tidlegare grunneigar. Lokaliteten er ikkje tidlegare registrert i Naturbase. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer DN-handbok 13, samt forslag til faktaark for Slåttemark (Revidert 29.nov. 2014, Ellen Svalheim. Oppdatert juni 2018). NiN 2.1 nytta for utformingar. I 2018 blei Øvre Steinberg undersøkt, ikkje tidlegare registrert eng ved Nedre Steinberg eller området ved Eigeland. Nedre del kring Eigeland gav for rundt 10 år sidan inntrykk av litt meir intensiv drift. Det kan vere småteigar med slåttemark kring bygningane ved Øvre Steinberg som ikkje er fanga opp.

Stad og naturgrunnlag:

Steinberg ligg i Sokndal kommune. Dei to brukene Eigeland (lengst sør) og Nedre Steinberg ligg her, men er fråflytta begge to. Nord for Nedre Steinberg ligg Øvre Steinberg, som er steintufter, ruinar og steingardar etter eldre bruk/bygningars. Slåttemarksarealet som kallast «Teigen» omfattar 3 eideomar, og ligg på ein brei og lang rygg som går retning nord-sør, der Øvre Steinberg er den søre av dei tre brukene. Heile området ligg solrikt til og dei store areala med eng har nok hatt gode høve for turking av høy. Mindre deler i nord har ei nordaustleg eksponering. Berggrunnen i området er *Magnetitt-ilmenitt gabbronoritt med apatitt (phcimaC)*, og i vestre del *Jotunittiske kumulater med Fe-rik olivin (p'hcoimaC)*. *Overgangssone* (NGU). Lausmassedekkjet er tynt, og det er ein del berg i dagen. I søraustre del er det eit felt med litt meir berg i dagen. Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring med GPS i felt og flybilete, og er vurdert å vere særskilt god. Avgrensinga er mot skog eller mot kulturmark som har litt meir preg av intensiv drift. Mot nordvest ligg det i hellinga ein eikehage, og med innslag av andre lauvtre, der feltsjiktet er gulakseng. Denne kan truleg kvalifisere for eigen naturtype, men ble ikkje nærmere undersøkt. Mot aust grenser lokaliteten til ein artsrik lokalitet med Rik edellauvskog. Avgrensinga reknast som særskilt god. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (Bn-O3).

Naturtypar og utformingar:

For den søre eideområdet var truleg siste året dei slo i større omfang 1972 (pers.medd. Torbjørn Antonio Helleren). For den nordre delen var siste året dei slo 1952 (pers.medd. Anders Steinberg) Etter dette har det vore beitebruk som har halde areala opne, både storfe og sau. Sjølv om det er særskilt lenge sidan slått var viktigaste skjøtsel, er det ut fra arts mangfald med mange gode slåttemarksartar, særskilt stort areal og gode høve for restaurering velt å setje slåttemark som naturtype. Lokaliteten ligg spesielt til i landskapet, har ei rekke kulturspor og har på grunn av manglande veg vore skjerma for moderne driftsformer.

Lokaliteten har gode innslag av utforminga *Svakt kalkrik tørreng med klart hevdpreg* (T32-C-16). Artar som høyrer til utforminga er mellom anna engkvein, gulaks, blåklokke, raudsvingel, gulmaure, tiriltunge, hårvæve, gjeldkarve og bitterbergknapp. Mest er det nok av utforminga *Intermediær tørreng med klart hevdpreg* (T32-C-14). Her manglar ein del av dei beste kalkartane som gulmaure, gjeldkarve og bitterbergknapp, og artar som gulaks, engkvein, ryllik, blåklokke, sølvbunke, raudsvingel, legeveronika og følblom er mellom artane. Parti som er litt sterkt prega av beiting har mykje engsyre, og kjem på stader med lite kalkartar inn under *Intermediær eng med svakt preg av gjødsling* T32-C-6. Den siste typen finst som større felt i området, mest i flate deler. Tørreng dominerer i området, men det er ikkje forsøkt å anslå fordeling av typane. Kantar og parti med ein del helling har generelt betre samansetjing av artar.

Arts mangfald:

Ingen raudlisteartar vart registrert. Ein ubestemd kløver som enten er muse- eller krabbekløver blei funnen. Planta mangla blom og kunne ikkje bestemast sikkert.

Begge er sjeldne/lite vanlege i Dalane. Engtjøreblom, blåknapp, engsmelle, blåmunke, kystgriseøyre, gulmaure og gjeldkarve er elles artar ein i slåttemark i Dalane berre finn i spesielle lokalitetar. Potensialet for raudlista artar av insekt og sopp er truleg stort.

Bruk, tilstand og påverknad:

For søre del av lokaliteten var siste år med større slått 1972, og for den nordre delen 1952. Slått har truleg vore viktigaste driftsform i lange tider fram til dette, og sidan det er grunnlendt har det truleg ikkje vore andre driftsformer i lokaliteten (åker el.l.). I 2018 var det beiting med sau i søre delen, og storfe i nordre delen. Nordre delen skal ha hatt storfebeite heile tida frå 1953. Det er i den nordre del brukta noko kunstgjødsel (pers.medd. Lars Steinberg), men truleg i mindre mengder. Det er lite tre i dei opne areala, men kantane har variert attgroing med eik og bjørk. Det er noko tuer med lyssev/knappsev. Myrtistel ser ut til å vere i spreiing, særleg i del med storfebeite. Engsyre er elles ein art det er mykje av i einskilde felt. Trass i den langvarige beitebruken har området enno godt om slåttemarksartar, men i varierte mengder. Truleg er grasbrenning på våren ein del av driftsmåten – dette er vanleg i ugjødsla beitemarker. Fleire stader er det oppbygging av strølag, og behov for brenning.

Framande artar:

Ingen

Skjøtsel og omsyn:

Den optimale skjøtselen vil vere å ta opp at slåttedrifta, med sein slått og etterbeiting. Området er særstort, og i praksis vil truleg store deler måtte skjøttast vidare som beitemark. Område med best samansetjing av artar bør prioriterast for slått om ikkje større deler av eigedomane kan slåast. Det er behov for fjerning av tuer, både maurtuer og grastuer og rydding av kantar. Grasbrenning på våren vil vere ein fordel for store deler av enga, både område som skal slåast og beitast. Slått bør vere etter 10. juli. Tohjuls slåmaskin, ryddesag eller ljå er aktuelle reiskap. Etter slått bør graset turkast 2-3 dagar, anten det skal nyttast eller ikkje. Om høyet ikkje skal nyttast må det likevel fjernast frå enga, og helst brennast ein plass nedanfor enga. Brenning er betre enn deponering. Ei stund etter slåtten kan det etterbeitast med dyr, men beitepresset bør ikkje vere for høgt. Det er viktig at areala ikkje blir gjødsla, sprøyta, kalka eller at dyr på beite vert tilleggsfora. Om graset skal brennast på våren lyt ikkje beitinga vare for lenge ut over hausten. Variasjon i skjøtselen vil vere bra, men slåtteareal bør slåast seint kvart år. Ved rydding bør store, frittståande tre av ein viss storleik bevarast. Alt rydda materiale bør fjernast frå enga og brennast i haugar. Myrtistel og lyssev bør haldast i sjakk med manuelle metodar.

Del av heilskapleg landskap:

Lokaliteten er del av eit heilskapleg kulturlandskap som grenser til rik edellauvskog, og har ei rekke kulturspor i form av steingardar, tufter og rydningsrøyser.



Figur 2. Steinberg, Slåttemark med verdi Viktig (B-område). Foto: Rune Søyland

Vest for Øvre Steinberg

Ecofact ID: 3

Kommune: Sokndal

Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)

Naturtype: Slåttemark D01/Semi-naturlig eng T32

Utforming: Intermediær eng med klart hevdpreg T32-C-4

Verdi: C

Utvaled naturtype: Ja

Registreringsdato: 2. juli 2018

Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Rune Søyland, Ecofact.

Stadkvalitet: < 20 m

Areal: 2 daa

Områdeskildring

Verdigrunngjeving:

Verdien er sett til Lokalt viktig (C). Lokaliteten får høg vekt på storleik og landskapsøkologi, siste sidan det er kort avstand til større slåtte/beitemarker på Steinberg. Elles vert det låg vekt på dei andre parameterane. Typevariasjon sidan det er 1 utforming, artmangfald med 7 tyngdepunktartar, tilstand og påverknad. Ved betring av tilstand eller påverknad vil lokaliteten få auka verdi.

Innleiing:

Kartlegging av naturtypar etter DN-handbok 13 er gjort for Fylkesmannen i Rogaland i 2018, for spesielt utvelde lokalitetar. Faktaarket er skrive av Rune Søyland i mars 2019. Lokaliteten er ikkje tidlegare registrert i Naturbase, og vart tilfeldig undersøkt ved registrering av Øvre Steinberg og slåttemarker nordover. Vurdering og verdsetting av lokaliteten følgjer DN-handbok 13, samt forslag til faktaark for Slåttemark (Revidert 29.nov. 2014, Ellen Svalheim. Oppdatert juni 2018). NiN 2.1 nytta for utformingar.

Stad og naturgrunnlag:

Steinberg ligg i Sokndal kommune. Lokaliteten ligg nordvest for Øvre Steinberg. Omfattande rydningsrøyser og steingardar viser at området er gammal kulturmark. Truleg har det her vore både slåttemark og slåttemyr i området. Ei større myr med dårlig tilstand ligg like ved lokaliteten. Det er uvisst om området vert beita i dag, truleg sporadisk av sau. Dei beste delane av enga er tekne ut, med minst attgroing og ein god del vegetasjon med engartar. Enga er særleg eksponert mot sør. Berggrunnen i området er *Mangeritt* (NGU). Lausmassedekkjet vist som tynt, med mykje fjell i dagen (NGU). Avgrensinga er basert på feltarbeid med GPS, og vurderast som særskilt godt. Mot vest går lokaliteten over i skog, og mot aust i myr og vegetasjon som har lite engartar. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (Bn-O3).

Naturtypar og utformingar:

Det er ikkje motteke informasjon om tidlegare bruk, men truleg er dette gammal slåttemark som i seinare tid har vore skjøtta med beite. Lokaliteten er teken ut som

slåttemark sidan den ligg særskilt til i landskapet med ei rekkje kulturminne, samstundes som det er fleire gode tyngdepunktartar for slåttemark her. Samansetnaden av artar tilseier utforming *Intermediær eng med klart hevdpreg* (T32-C-4), sjølv om område truleg har lege brakk ei god stund og er noko prega av attgroing. Mengdeartar i enga er harestarr, blåklokke, gulaks, kystmaure og ryllik. Andre artar er tiriltunge, firkantperikum, småsyre, småsmelle, legeveronika, tepperot og engkvein.

Artsmangfald:

Ingen raudlisteartar vart registrert. 7 tyngdepunktartar for slåttemark vart registrert.

Bruk, tilstand og påverknad:

Det er ikkje informasjon om tidligare bruk, men grad av rydding og sørvend plassering tilseier at dette truleg har vore slåttemark. Det er ein del attgroing med bjørk og einer, og i kantar er det ein del blokkeber og blåber. Mykje av eineren er daud. Det er ein del tuer. Lysopne felt har enno mykje av slåttemarksartar. Området har truleg lege brakk lenge. Det er ingen teikn til gjødsling, og av problemartar er det berre litt revebjelle, og engsyre og lyssev i nedre kant.

Framande artar:

Det er planta gran like i nærleiken, men trea vart ikkje undersøkte

Skjøtsel og omsyn:

Gradvis og forsiktig rydding av kantar og skuggegjevande tre og årleg sein slått hadde vore gunstig. Slått etter 10. juli med bakketurking og fjerning av høyet, lett beiting av sau ei stund etter slått og eventuelt grasbrenning på våren ville ha betra høva i lokaliteten. Noko fjerning av tuer vil vere naudsynt for å få til slått. Grasbrenning dei første par åra vil vere eit føremon. Uavhengig av slåttemarka hadde det vore flott å få rydde fram dei spesielle kulturminna i området. Slike område lyt ikkje gjødslast, kalkast, sprøytast eller øydeleggjast. Dei lyt heller ikkje ha sterkt beitepress.

Del av heilskapleg landskap:

Lokaliteten er del av eit heilskapleg kulturlandskap og har ei rekkje kulturspor i form av steingardar og rydningsrøyser.



Figur 3. Vest for Øvre Steinberg, Slåttemark med lokal verdi. Foto: Rune Søyland



Figur 4. Vest for Øvre Steinberg. Litt artsrik slåttemark/beitemark ligg bak den store ryggen med rydningsstein. Foto: Rune Søyland

Røyrmyr

Ecofact ID: 4

Naturbase ID: BN00039825

Kommune: Sokndal

Hovudnaturtype: Våtmark

Naturtype: Kystmyr

Utforming: Anna kystmyr

Verdi: B

Utvald naturtype: Nei

Registreringsdato: 28.09.2018

Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Rune Søyland, Ecofact. Opplysningar frå Inge Helge Holm. Grimstad, K. B. 2001 - *Kartlegging av naturtyper i Sokndal. Registrator for flertallet av områder i datasett levert av Origo Miljø.* / År: 2001

Stadkvalitet: < 20 m

Areal: 17,7 daa

Områdeskildring

Verdigrunngjeving:

Verdien er sett til Viktig (B)- Myra får middels vekt på alle kriteria, og høg vekt på plassering i boreonemoral sone. Myra er gitt middels vekt på tilstand/hydrologi, sidan plantingar og attgroing i nedslagsfeltet til myra truleg har endra dei tidlegare høva ein del.

Innleiing:

Kartlegging av naturtypar etter DN-handbok 13 er gjort for Fylkesmannen i Rogaland i 2018, for spesielt utvelde lokalitatar. Lokaliteten er registrert i Naturbase fyrste gong i 2001, då som Intakt låglandsmyr. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer DN-handbok 13, og forslag til faktaark for kystmyr (Anders Lyngstad, Asbjørn Moen og Dag Inge Øien 30.04.2014) og forslag til faktaark for slåttemyr (Dag-Inge Øien, Anders Lyngstad & Asbjørn Moen, 28.05.2014). Lokalitetsskildring av Rune Søyland i mars 2019. Avgrensing og naturtype er endra for lokaliteten. Delar i aust som ikkje heng saman med resten, og som er prega av granplanting, er tekne ut av avgrensinga.

Stad og naturgrunnlag:

Røyrmyr ligg vest for Mol i Sokndal kommune, og er stort sett omkransa av kystlynghei i litt därleg hevd, delvis tilplanta. Avgrensinga er basert på feltarbeid med GPS, og ved bruk av flybilete i ettertid. Avgrensinga vert rekna som særskilt godt. I midten av myra er det eit tjern. Den største opne vassflata er teken ut av avgrensinga. Berggrunnen i området er anortositt, men også band med leukonoritt og doleritt (NGU). Lausmassane er viste som tynt morenedekke. Det er ein innlaups- og utlaupsbekk av ein viss storleik, og vatnet drenerer mot sørøst. Området ligg i boreonemoral sone, sterkt oseanisk seksjon (Bn-O3).

Naturtypar og utformingar:

Naturtypen var før sett til Intakt låglandsmyr. Denne naturtypen er no erstatta av kystmyr i oseaniske strøk. Det kan ha vore slått på myrane her i tidlegare tider, men dette er det ingen opplysingar om. Holm opplyser om at det på 1950-talet var kubeite på myra. Det er i dag mykje blokkeber og røsslyng på myra, og aukande attgroing med takrøy. Opphaveleg beite-, og mogleg slåttebruk, er ikkje lenger mogleg å sjå ut av vegetasjon og myrstruktur. Unnatak for dette kan vere god førekomst av klokkesøte, som kan ha hatt særskilte gode høve i beitemyr, og ved eventuell slått om tidspunktet var høveleg for arten. Ut frå desse vurderingane er myra sett til naturtype kystmyr, som vert nytta for intakte eller lite påverka myrer blant anna i boreonemoral sone. Av artar er mellom anna blåtopp, pors, klokkesøte, klokkeleng, rome, duskull, kvitmyrak og bjønneskjegg. Det blei ikkje sett nærmere på torvemosane.

Artsmangfald:

Myra har ein store førekomst av klokkesøte, særleg i kantane. Alle delar av myra er ikkje vorten undersøkt. Frå opphaveleg registrering var det opplysingar om småsalamander, ein art som er vanleg i smådammar, myr og fiskelause tjern i llynghesi nær kystlinja i Sokndal. Om det ikkje er fisk kan det vere høve for spesialiserte artar av insekt.

Bruk, tilstand og påverknad:

Myra vert nok berre sporadisk beita i kantane av sau no, utan at dette påverkar attgroing og artsamansetnad særleg. Det vart ikkje funne grøfter eller teikn til drenering, og bekkeane ser naturlege ut. Det kan ha vore mindre grøfter tidlegare då det var kubeite, men dette er uvisst. Myra har ingen aktiv skjøtsel i dag, men er litt påverka av spreiing av sitkagran i kantar. Aukande mengde takrøy tyder på at myra er i attgroing frå ein tidlegare bruksform som haldt myra meir open. Storfebeite er dokumentert, men slått er og truleg. Ein del røsslyng, blokkeber og pors, særleg i kantar, viser at det er lenge sidan myra blei skjøtta. Hydrologien i myra er truleg lite påverka, med unnatak av at nedslagsfeltet har ein del treplanting (og attgroing) som i ein viss grad påverkar tilsiget av vatn.

Framande artar:

Sitkagran nokre stader i kantane, og større plantefelt med framande treslag står i tilgrensande llynghesi. Det er truleg at lerk og kan finnast nokre stadar i kantane frå nærliggjande plantingar.

Skjøtsel og omsyn:

Med få eller ingen spor etter tidlegare skjøtsel er det vanskeleg å forsvare større tiltak med slått eller tilpassa beiting. Raudlistearten klokkesøte er talrik her, men finst og i det meste av llynghesia omkring, samt i langt større mengder i slåttemyra «Myrå» like ved, som er halden i hevd med slått til etter år 2000. For å oppretthalde eller auke bestanden av klokkesøte, og bevare det opne preget på myra, bør tre som kjem opp på myra fjernast. Der det er mogleg å få til brenning av myrkantar bør det gjeraast år om annan. Dette vil redusere fleirårige llynghestar og redusere strøoppbygging, og betre høva for

klokkesøte. Brenning vil og føre til auka beite frå sauер og hjortedyr i kantane av myra. Brenning vil og redusere takrøyr i faste deler av myra. Ingrep må unngåast. I ein større heilskap burde plantefelt og attgroing med lauvskog kring myra vorte fjerna, for å bevare større delar av det tradisjonelle kulturlandskapet på Mol.

Del av heilskapleg landskap:

Lokaliteten er del av eit heilskapleg kulturlandskap med kystlynghei, slåttemyr, beitemark og eikehagar. Større delar av landskapet er negativt påverka av plantefelt med framande treslag, og til dels av attgroing.



Figur 5. Røyrmyr, Kystmyr med verdi Viktig (B). Aukande attgroing med takrøyr, og i faste deler av myra.
Foto: Rune Søyland

Myrå

Ecofact ID: 5

Naturbase ID: BN00040175

Kommune: Sokndal

Hovudnaturtype: Våtmark/Kulturlandskap

Naturtype: Slåttemyr 60 % og Slåttemark 40 %

Utforming: Intermediær slåttemyr og fuktig slåttemark (finst ikkje høveleg utforming i NiN 2.1)

Verdi: A

Utveld naturtype: Nei

Registreringsdato: 28.09.2018

Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Rune Søyland, Ecofact. Opplysningar frå Inge Helge Holm. Grimstad, K. B. 2001 - *Kartlegging av naturtyper i Sokndal. Registrator for flertallet av områder i datasett levert av Origo Miljø.* / År: 2001. Epost frå Audun Steinnes 21.07.2018.

Stadkvalitet: < 20 m

Areal: 15 daa

Områdeskildring

Verdigrunngjeving:

Verdien er sett til Særs viktig (A). Myra får middels vekt på hevd, ved at det enno er tydeleg preg av langvarig hevd, middels vekt på artsmangfald sidan det er ein VU-art og fleire intermediære artar, låg vekt på storleik, høg vekt på lokal førekommst (sjeldsynt regionalt), og høg vekt på heilskapleg kulturlandskap, sidan det på Mol er fleire viktige kulturlandskapsverdiar. Det er lagt vekt på at det enno er tydeleg preg av slått, og at den store førekommsten av klokkesøte i slåttemyr/slåttemark truleg er i særstilling regionalt (vurdert som stort artsmangfald).

Innleiing:

Kartlegging av naturtypar etter DN-handbok 13 er gjort for Fylkesmannen i Rogaland i 2018, for spesielt utvelde lokalitetar. Lokaliteten er registrert i Naturbase fyrste gong i 2001, då som Slåttemark. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer DN-handbok 13, og forslag til faktaark for slåttemyr (Dag-Inge Øien, Anders Lyngstad & Asbjørn Moen, 28.05.2014). Lokaliteten er og delvis naturtype slåttemark, med fuktig utforming. Verdivurdering er gjort etter naturtypen som slåttemyr. Lokalitetsskildring av Rune Søyland i mars 2019. Avgrensing, lokalitetsnamn og naturtype er endra for lokaliteten. Opphavleg avgrensing verka særstilt grov, omfatta ikkje mest myrprega delar av lokaliteten, og hadde med ein del beite- og tidlegare slåttemarksareal kring husa som ikkje verka å ha særskilde kvalitetar.

Stad og naturgrunnlag:

Myrå ligg på Mol i Sokndal kommune. I nord grenser myra i stor grad til planta skog av sitkagran, og i sør fylgjer grensa bekken som kjem frå Røyrmyr. I aust mot berg og beitemark med bjørkeskog. Mot sørvest er det fuktig lynghei i god hevd som nyleg er

planta til med lerk. Avgrensinga er basert på feltarbeid med GPS, og ved bruk av flybilete i ettertid. Avgrensinga vert rekna som særslig godt. Berggrunnen i området er *Anortositt, overveiende massiv, tildels leukonorittisk* og eit smalt band av *Leukonoritt, grovkornet, subofittisk* (NGU). Lausmassane er viste som tynt morenedekke. Området ligg i boreonemoral sone, sterkt oseanisk seksjon (Bn-O3).

Naturtypar og utformingar:

Myra skal ha blitt drenert i 1924, og hadde då truleg meir myrpreg enn i dag. Myra blei slått og graset tørka i hesjer heilt fram til ca. 2003. Det er ein klar tendens til at nordaustre del her meir preg av fuktig slåtteeng, medan delane i vest og næraast bekken er meir myrprega. Det er vanskeleg å setje eit skilje, for det er mykje mosaikk og variasjon. Klokkesøte finst i begge typar vegetasjon, men mest i myrprega. Det er eit grovt anslag at slåttemyr utgjer 60 %, men dette er uvisst. Av typiske myrartar er klokkeling, blokkeber, rome, slåttestarr, stjernestarr, myrfiol, heisev, torvull og duskull. I fuktig slåttemark er det mellom anna sølvbunke, englodnegras, engsyre, trådsiv, engfrytle, gulaks og finnskjegg. Fleire av artane i fuktenga har truleg kome inn sidan det er ein del tuer som lagar turrare vekseplassar. Blåtopp er ein viktig mengdeart i heile lokaliteten. Tepperot og slåttestarr ser ut til å vere både i myr og fukteng.

Artsmangfald:

Slåttemyra har ein særslig stor tettleik av raudlistearten klokkesøte. Truleg er det nokre få tusen planter i lokaliteten. Tettleiken ser ut til å vere størst i mest myrprega deler, men planta veks mange stader tett i fuktengvegetasjon og.

Bruk, tilstand og påverknad:

Slåttemyra har eit opent preg med lite tre, men det er i parti ganske mange småtre av sitkagran som er på veg opp. Det er i varierande grad donna tuer, mest i fuktenga ser det ut til. Fleirårige lyngartar og buskvekstar har nok auka etter at slåtten tok slutt for ca. 15 år sidan. Myra vart drenert i 1924, og det er nokre få, grunne dreneringsgrøfter som er synlege. Rundt 2015 vart det grave opp med gravemaskin i bekken som lokaliteten grenser til. Massane blei breidd ut langs bekkekanten. Ein god del køyrespor som truleg er etter dette viser på nyare flybilete, men det var vanskeleg å sjå mykje spor etter dette i september 2018. Myra har lege brakk etter slått i 2003, med unnatak av at sau beiter noko. Opphavleg hydrologi i myra er truleg påverka i stor grad. Nyare graving i bekken som leier vatnet raskare forbi kan tenkjast å påverka vasspåverknaden i myra, men det er uvisst kor stor effekt dette vil gje på vegetasjonen.

Framande artar:

Sitkagran står spreitt med småtre i myra, mest i vestre del. Sitkagran og andre plantingar, blant anna hybridlerk, står i områda kring.

Skjøtsel og omsyn:

Å ta opp att slått på så store deler som mogleg ville vore eit føremon. Arealet er stort, så om det berre lyst seg gjere å mindre delar bør delar med mykje klokkesøte prioritert. Etter ei restaurering kan ein og vurdere ei rotering der ein slår annan kvart år, og dermed

totalt kan halde større deler i hevd. Grasbrenning på våren kan nyttast som tilleggsskjøtsel, og nyttast for deler som har mykje visna gras att frå året før. Tradisjonelt slåttetidspunkt er ikkje etterspurd, men truleg har dette vore så tidleg at den seine klokkesøta har fått betre høve når den dukka opp. Det er ingen andre artar enn klokkesøte ein lyt ta særskild omsyn til, så eit slåttetidspunkt rundt 1. juli vil truleg vere gunstig. Då vil ein få ta ut mykje biomasse, og slår lenge før klokkesøta tek til å blomstre. Slått kan gjerast med ein ganske stor tojhuls slåmaskin. Doble hjul eller ekstra breie dekk kan vere eit føremøn. Graset kan bakketurkast og lyt fjernast etter nokre dagar. Om høyet ikkje skal nyttast er det betre brenne det enn å deponere det, i begge tilfella på stader som ikkje påverkar avgrensa lokalitet. Sauebeite som er i dag har lite å seie for myra. Om det vert auke i beitebruken lyt myra skjermast for beite fram til etter slått. Klokkesøte er ikkje rekna å vera utsett for beiting. Eit tiltak som hastar er å få fjerna alle småtre av sitkagran, med låg kapping. Jo større trea får verte jo meir vil det påverke myra, og jo større vert jobben med å fjerne dei. Etter at ein set i gang med slått og eventuelt brenning vil det ikkje få komme opp nye tre, sjølv om det står mange store tre like ved. Fjerning av tuer er elles naudsynt mange stader. Dette bør takast gradvis, blant anna av omsyn til klokkesøte.

Del av heilskapleg landskap:

Lokaliteten er del av eit heilskapleg kulturlandskap med kystlynghei, kystmyr, beitemark og eikehagar. Større delar av landskapet er negativt påverka av plantefelt med framande treslag, og til dels av attgroing.



Figur 6. «Myrå» er sett som naturtype slåttemyr, men har og deler som er fuktig slåttemark. Foto: Rune Søyland



Figur 7. Klokkesøte, blåtopp og klokkelyng fra Myrå. Foto: Rune Søyland

Mål/Mol

Ecofact ID: 6

Naturbase ID: BN00040176

Kommune: Sokndal

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Hagemark/Naturbeitemark

Utforming: Fattig hagemark med edellauvtre (Eikehage)

Verdi: B

Utvald naturtype: Ja

Registreringsdato: 28.09.2018

Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Rune Søyland, Ecofact. Opplysningar frå Inge Helge Holm. Grimstad, K. B. 2001 - *Kartlegging av naturtyper i Sokndal. Registrator for flertallet av områder i datasett levert av Origo Miljø.* / År: 2001. Epost frå Audun Steinnes 21.07.2018.

Stadkvalitet: < 20 m

Areal: 33,3 daa

Områdeskildring

Verdigrunngjeving:

Verdien er sett til Viktig. Det gis middels vekt på tilstand, sjølv om området vert beita. Mange stader er feltsjiktet prega av gjødsling og/eller høgt beitettrykk, og det er ein god del problemartar. Førebelts er det låg vekt på raudlisteartar, men nærmere undersøkingar vil truleg avdekke artar knytt til tre, eller beitemarksopp. For tal på engartar er det låg vekt, men her vil truleg undersøking i mai/juni auke talet og vekta. På grunntypevariasjon er det middels vekt, med minst to utformingar. For førekost av store gamle tre er det gitt høg vekt, sidan det var innslag av eik som truleg har vore stubbelauva. På storleik, nærleik til andre verdifulle kulturmarker og del av tradisjonelt gardslandskap, vert det for alle gitt høg vekt. Verdien er førebels sett til viktig, sjølv om han nok for deler av området burde vore høgare. Opne beiter prega av naturbeitemark har truleg lågare verdi enn områda med hagemark og gamle tre. Område bør likevel skjøttast som ein heilskap.

Innleiing:

Kartlegging av naturtypar etter DN-handbok 13 er gjort for Fylkesmannen i Rogaland i 2018, for spesielt utvelde lokalitetar. Lokaliteten ligg innanfor eit område som i 2001 vart registrert som rik edellauvskog, men omtala som å «delvis grense mot hagemark». Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer DN-handbok 13, og forslag til faktaark for hagemark (Ellen Svalheim, 30. mai 2014). Det er og sett på faktaark for naturbeitemark (Harald Bratli, 30.04.2014). Lokalitetsskildring av Rune Søyland i mars 2019. Opphavleg avgrensing verkar grov. Område langs Molebekken som er lite eller ikkje kulturpåverka kan kvalifisere for opphavleg naturtype rik edellauvskog, men er ikkje undersøkt i september 2018. Ei undersøking av planter og kryptogamar i fyrste del av vekstsesongen vil vere å anbefale her.

Stad og naturgrunnlag:

Mol ligg i Sokndal kommune. Hagemarka og beitemarka ligg som eit belte rundt dei to gardane, på nord, aust og delvis sørsida. Open kulturmark rundt gardane som synes meir intensivt driven er ikkje teken med i avgrensinga. Avgrensinga består både av typisk hagemarksprega parti, beitemark med et fåtal tre, og meir open beitemark. Desse finst i veksling, og hagemarka er ofte kantar mot beitemarka. Mot nord er det gradvis overgang til yngre bjørkeskog, som er eit attgroingselment i kystlynghei. Fleire stader mot nordvest går lokaliteten direkte over i kystlynghei i god tilstand. Grensa er elles sett mot område som er tydeleg intensivt drivne, eller ikkje har kultур preg. Nokre felt med intensivt drivne deler er teke med for å fange opp nokre større tre. Det er ei rekke knausar og rydningsrøyser som gir variasjon. Avgrensinga er basert på feltarbeid med GPS, og vert rekna som sær god. Berggrunnen i området er *Anortositt, overveiende massiv, tildels leukonorittisk* og eit smalt belte med *Doleritt* (NGU). Det er tynt lausmassedekke og mykje fjell i dagen. Området ligg i boreonemoral sone, sterkt oseanisk seksjon (Bn-O3).

Naturtypar og utformingar:

I området er det mange element og ein god del mosaikk, men verdien som eikehage med mange store eiketre synest å vere den viktigaste. Feltvegetasjonen er til dels prega av naturbeitemark, men er fleire stader anten blåtoppeng med lågt artsmangfald, eller med meir intenst driftspreg. Rydningsrøyser og godt rydda overflater tyder på at det kan ha vore slåttemark i fleire av områda før. Hagemarka har mykje eik, men i parti like mykje eller meir bjørk. Minst et eiketre har truleg vore stubbelauva før, og fått ein spesiell form. Avgrensinga som hagemark lyt reknast som førebels. Om det vert oppdaga artar eller kjem fram opplysingar om at einskilde deler lyt skjøttast som slåttemark, vil ei avgrensing som hagemark/naturbeitemark fungere for å ivareta og betre tilhøva i lokaliteten.

Artsmangfald:

På dei undersøkte eiketrea som kvalifiserte som Store gamle tre blei det ikkje funne raudlista artar. Sovelkjuke vart funnen to stader – dette er ein nykelart som lagar holrom i eik, og dermed er viktig for ei rekke artar knytt til hol eik og daud ved. Det er truleg høgt potensial for å finne raudlistar epifyttar om ein søker næra på tre i lokaliteten. Det er truleg og godt potensial for raudlistar beitemarksopp. Ingen artar vart funne i 2018, så tidspunktet var truleg uheldig. Ingen sjeldsynte karplanter vart funne, men funn av anten musekløver eller krabbekløver er interessant. Planta hadde ikkje blom og var vanskeleg å bestemme. Begge er sjeldne i Sør-Rogaland. Av tyngdepunktartar for eng, eller artar som bør reknast for det lokalt, vart det funne knegras, blåmunke, blåklokke, kornstorr, tiriltunge, gulaks, dvergsmyle, kystgriseøyre, stemorsblom og tepperot. Det er elles ryllik, kystbergknapp, småsyre, raudsvingel, arve, harestorr, følblom, enkvein, trådsiv og finnskjegg, i tillegg til mykje blåtopp i parti.

Bruk, tilstand og påverknad:

Det meste av området vert framleis nytta til sauebeite med kvit sau. Det er uvisst om det har vore gjødsla/eller kor mykje det har vore gjødsla i deler av området. Det er gamle

dreneringsgrøfter eit par stader. Tre eiketre er blitt tekne ut som eigne lokalitetar som store, gamle tre. Desse var frå 180 til 220 cm i brysthøgdeomkrins, der det minste var holt. Fleire tre er like under kravet på 200 cm, og lokaliteten må seiast å ha mange store tre. Et eiketre har truleg vore stubbelauga tidlegare, og det har no fått ei særskilt vekseform med ein grov basis på berg, likt eit lindetre. Det er og bjørk med ein viss storleik. Det er ikkje tydelege teikn til direkte gjødsling, men dette har truleg vore vanleg i deler av lokaliteten. Det er stor skilnad i vegetasjonen, men austre del ser ut til å skilje seg ut med fleire tyngdepunktartar for eng. Her er og sørvende parti som kan ha vore slåttemark tidlegare, men som no er tua. Det er ein del tuer spreitt i heile området. Einstape er elles ein problemart som ser ut til å trivast. Grasbrenning kan ha vore ein del av drifta tidlegare, men det er uvisst.

Framande artar:

I eller nær lokaliteten er det sitkagran, raudhyll og hageeple.

Skjøtsel og omsyn:

Framhald i beite er viktig. Beiting med storfe eller hest i periodar hadde vore eit føremon, sauен beitar godt i ein skilde område, men let blåtoppfelt og fuktige parti stå att. Trakk av større dyr kunne og vore med å redusert einstape. Tiltak mot einstape bør setjast i gang, systematisk kapping over fleire sesongar. Der det er mykje tuer kunne det vore eit føremon å fjerne deler av desse i etappar. Mindre beitepussar kunne vore høveleg. Elles lyt det gjerast manuelt. Av undersøkte store tre er det ingen med snarleg behov for tiltak. Etter kvart kan det vere aktuelt. Eit visst uttak av tre frå området er positivt, men ein lyt då tynne selektivt. Spesielle tre lyt takast vare på. Potensielle framtidige kjemper av eik og bjørk bør setjast att. Det bør haldast opent i beitefelta, men ein skilde småtre kan sparast. Grasbrenning på våren vil vere eit føremon, dette kan bidra til at sau'en beiter meir i blåtoppeng og annan fukteng. Ved brenning vert einstape stimulert, så ein lyt samstundes gjere tiltak mot denne. Området bør ikkje gjødslast, kalkast, sprøytaast eller øydeleggjast. Dei store gamle trea bør takast vare på.

Del av heilskapleg landskap:

Lokaliteten er del av eit heilskapleg kulturlandskap med kystlynghei, kystmyr, naturbeitemark og eikehagar. Dei store eiketrea er truleg dei viktigaste einskildverdiane i eikehagen. Det er ei rekke kulturspor i området.



Figur 8. Mål/Mol hagemark med verdi viktig. Frå austre del. Foto: Rune Søyland



Figur 9. Mål/Mol, hagemark med verdi viktig. Frå austre del. Foto: Rune Søyland



Figur 10. Frå Mål/Mol. Eiketre med spesiell vekseform. Treet kan ha vore stubbelauba tidlegare. Foto: Rune Søyland



Figur 11. Mål/Mol, hagemark med verdiiktig. Frå søre delen. Foto: Rune Søyland



Figur 12. Svovelkjuke frå søre delen av Mål/Mol. Foto: Rune Søyland



Figur 13. Mål/Mol, hagemark med verdi viktig. Frå nordvestre del. Foto: Audun Steinnes, juni 2018.

Mol Kjempeeik
Ecofact ID: 101
Kommune: Sokndal
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Store gamle trær
Utforming: Eik
Verdi: C
Utvald naturtype: Ja
Registreringsdato: 28.09.2018
Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Rune Søyland, Ecofact. Epost fra Audun Steinnes 21.07.2018.
Stadkvalitet: < 20 m
Areal:

Områdeskildring

Verdigrunngjeving:

Verdien er sett til Lokalt viktig. Treet får låg verdi på oppnådd inngangsverdi (brysthøgdeomkrins på 210 cm) og høg vekt på landskapsøkologi på grunn av kort avstand til andre store eiketre. På andre aktuelle parameterar oppnår ikkje treet særskilt vekt, sidan det er vitalt utan daudved, holrom eller grov sprekkebark.

Innleiing:

Kartlegging av naturtypar etter DN-handbok 13 er gjort for Fylkesmannen i Rogaland i 2018, for spesielt utvelde lokalitetar. Det er ikkje tidlegare registrert store gamle tre i området, men treet ligg innanfor eit område som i 2001 vart registrert som rik edellauvskog. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer DN-handbok 13, og forslag til faktaark for Store gamle trær (John Bjarne Jordal 02.06.2014). Lokalitetsskildring av Rune Søyland i mars 2019. Treet vart berre kort undersøkt, men er frå vitalitet og relativt ung alder lite truleg å ha raudlisteartar. Nærare undersøking av området vil truleg avdekke fleire eiketre som oppfyller kravet, særleg hole tre som ikkje alltid vert fanga opp ved oversiktkartlegging.

Stad og naturgrunnlag:

Mol ligg i Sokndal kommune. Treet står i eit hagemarksliknande område som vert beita av sau. Området ligg solrikt og lunt til med sørsvendt eksponering, open beitemark i framkant og brattare terreng og berg i bakkant. Avgrensinga er basert på feltarbeid med GPS, og vert rekna som sær god. Berggrunnen i området er *Anortositt, overveiende massiv, tildels leukonorittisk* og det er tynt lausmassedekke og mykje fjell i dagen. Området ligg i boreonemoral sone, sterkt oseanisk seksjon (Bn-O3).

Naturtypar og utformingar:

Treet har ein brysthøgdeomkrins på over 200 cm, og kvalifiserer dermed for naturtypen store gamle trær. Treet kjem og inn under kategorien Hule eiker, som er ein utvald naturtype. Treet er ei vintereik.

Artsmangfald:

Nedre del av eika hadde om lag 80% mosedekkje, mellom anna musehalemose. Av lav var det mellom anna bleiktjafs. Ingen raudlisteartar eller indikatorartar vart funne, men treet vart berre kort undersøkt. Svoelkjukke vart funnen to stader i området, men ikkje på dette treet. Svoelkjuka er ein nykelart som skapar holrom i eik, og dermed opnar opp for ei rekke andre artar.

Bruk, tilstand og påverknad:

Treet er vitalt med ei stor men litt usymmetrisk krone. Det er ikkje holrom og lite daud ved. Treet står solrikt til. Det er i nærleiken fleire andre store tre, mellom anna fleire eiker som ligg nær minstekravet for naturtypen, men også store bjørker.

Framande artar:

Ingen i nærleiken.

Skjøtsel og omsyn:

Treet bør få stå urørt og utvikle seg vidare. Det er truleg ikkje naudsint med tiltak på mange år, sjølv om krona er noko usymmetrisk. Trean som står på hylla bak eika bør bevarast, sidan dei er med å skjerme treet frå vind, utan å konkurrere om lyset.

Del av heilskapleg landskap:

Lokaliteten er del av eit heilskapleg kulturlandskap med kystlynghei, kystmyr, naturbeitemark og eikehagar. Dei store eiketrea er truleg dei viktigaste einskildverdiane i eikehagen. I berre kort avstand vestover frå treet er det kystlynghei i god hevd, med klokkesøte.



Figur 14. Kjempeeik Mol som er naturtypen Store gamle tre, lokal verdi. Foto: Rune Søyland

Mol Kjempeeik 2

Ecofact ID: 102

Kommune: Sokndal

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: Store gamle trær

Utforming: Eik

Verdi: A

Utvaled naturtype: Ja

Registreringsdato: 28.09.2018

Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Rune Søyland, Ecofact. Epost frå Audun Steinnes 21.07.2018.

Stadkvalitet: < 20 m

Areal:

Områdeskildring

Verdigrunngjeving:

Verdien er sett til Særs viktig (A). Treet får høg verdi på storleik (brysthøgdeomkrins på 180 cm), sidan denne er meir enn 1,5 gonger inngangsverdi for synleg hole tre. Treet får og høg vekt på landskapsøkologi på grunn av kort avstand til andre store eiketre, og desse to parameterane gjer verdi særs viktig. På andre aktuelle parameterar oppnår ikkje treet særskilt vekt, sidan det framleis er vitalt utan særleg daudved, raudlisteartar eller grov sprekkebark.

Innleiing:

Kartlegging av naturtypar etter DN-handbok 13 er gjort for Fylkesmannen i Rogaland i 2018, for spesielt utvelde lokalitetar. Det er ikkje tidlegare registrert store gamle tre i området, men treet ligg innanfor eit område som i 2001 vart registrert som rik edellauvskog. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer DN-handbok 13, og forslag til faktaark for Store gamle trær (John Bjarne Jordal 02.06.2014). Lokalitetsskildring av Rune Søyland i mars 2019. Treet vart berre kort undersøkt. Nærare undersøking av området vil truleg avdekke fleire eiketre som oppfyller kravet, særlig hole tre som ikkje alltid vert fanga opp ved oversiktkartlegging.

Stad og naturgrunnlag:

Mol ligg i Sokndal kommune. Treet står i eit hagemarksliknande område som vert beita av sau. Treet står sørvest til, men har ein del større bjørketre og andre eiketre kring seg. Avgrensinga er basert på feltarbeid med GPS, og vert rekna som særs god. Berggrunnen i området er *Anortositt, overveiende massiv, tildels leukonorittisk* og det er tynt lausmassedekke og mykje fjell i dagen. Området ligg i boreonemoral sone, sterkt oseanisk seksjon (Bn-O3).

Naturtypar og utformingar:

Treet har ein brysthøgdeomkrins på 180 cm, og kvalifiserer derfor for naturtypen store gamle tre. For hole tre er kravet ein omkrins på minst 95 cm. Treet kjem og inn under kategorien Hule eiker, som er ein utvald naturtype. Treet er ei vintereik.

Artsmangfald:

Nedre del av eika hadde om lag 80% mosedekkje, mellom anna musehalemose. Ingen raudlisteartar eller indikatorartar vart funne, men treet vart berre kort undersøkt. Holromet er førebels lite. Sovelkjuke vart funnen to stader i området, men ikkje på dette treet. Sovelkjuka er ein nykelart som skapar holrom i eik, og dermed opnar opp for ei rekke andre artar.

Bruk, tilstand og påverknad:

Treet er vitalt, og har ei særskild vekseform med ei litt skeiv stamme. Ganske høgt oppen deler det seg i to større stammar. Treet står solrikt til men konkurrerer til ei viss grad om lyset med andre tre, mellom anna ei annan kjempeeik. På grunn av den skeive vekseforma vil treet truleg velte når holrommet får utvikle seg. Treet vil likevel kunne stå i mange år enno. Det er i nærleiken fleire andre store tre, mellom anna fleire eiker som ligg nær minstekravet for naturtypen, men og store bjørker.

Framande artar:

Ingen i nærleiken.

Skjøtsel og omsyn:

Treet bør få stå urørt og utvikle seg vidare. Det bør nok ikkje prioriterast tiltak for treet sidan dette kan få ei avgrensa levetid. Trear som står kring, mest bjørk, har og ein viss storleik, og ein bør prioritere å bevare hagemarkspreget i heilskapen.

Del av heilskapleg landskap:

Lokaliteten er del av eit heilskapleg kulturlandskap med kystlynghei, kystmyr, naturbeitemark og eikehagar. Dei store eiketrea er truleg dei viktigaste einskildverdiane i eikehagen. Treet står nær eit anna eiketre med brysthøgdediameter på 220 cm.



Figur 15. Kjempeeik Mol 2, naturtype Store gamle tre med verdi særer viktig. Treet har et holrom nederst på motsatt side. Foto: Rune Søyland

Mol Kjempeek 3
Ecofact ID: 103
Kommune: Sokndal
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Store gamle trær
Utforming: Eik
Verdi: C
Utvald naturtype: Ja
Registreringsdato: 28.09.2018
Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Rune Søyland, Ecofact. Epost fra Audun Steinnes 21.07.2018.
Stadkvalitet: < 20 m
Areal:

Områdeskildring

Verdigrunngjeving:

Verdien er sett til Lokalt viktig. Treet får låg verdi på oppnådd inngangsverdi (brysthøgdeomkrins på 220 cm) og høg vekt på landskapsøkologi på grunn av kort avstand til andre store eiketre. På andre aktuelle parameterar oppnår ikkje treet særskilt vekt, sidan det er vitalt utan daudved, holrom eller grov sprekkebark.

Innleiing:

Kartlegging av naturtypar etter DN-handbok 13 er gjort for Fylkesmannen i Rogaland i 2018, for spesielt utvelde lokalitetar. Det er ikkje tidlegare registrert store gamle tre i området, men treet ligg innanfor eit område som i 2001 vart registrert som rik edellauvskog. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer DN-handbok 13, og forslag til faktaark for Store gamle trær (John Bjarne Jordal 02.06.2014). Lokalitetsskildring av Rune Søyland i mars 2019. Treet vart berre kort undersøkt, men er ut frå vitalitet og relativt ung alder lite truleg å ha raudlisteartar. Nærare undersøking av området vil truleg avdekke fleire eiketre som oppfyller kravet, særleg hole tre som ikkje alltid vert fanga opp ved oversiktkartlegging.

Stad og naturgrunnlag:

Mol ligg i Sokndal kommune. Treet står i eit hagemarksliknande område som vert beita av sau. Området ligg solrikt og lunt til med sør vendt eksponering. Treet veks inntil eit lite berg på ein slags avsats, og krona står derfor solrikt til i høve til andre tre kring det. Avgrensinga er basert på feltarbeid med GPS, og vert rekna som sær god. Berggrunnen i området er *Anortositt, overveiende massiv, tildels leukonorittisk* og det er tynt lausmassedekke og mykje fjell i dagen. Området ligg i boreonemoral sone, sterkt oseanisk seksjon (Bn-O3).

Naturtypar og utformingar:

Treet har ein brysthøgdeomkrins på over 200 cm, og kvalifiserer derfor for naturtypen store gamle trær. Treet kjem og inn under kategorien Hule eiker, som er ein utvald naturtype. Treet er ei vintereik.

Artsmangfald:

Nedre del av eika hadde om lag 50 % mosedekkje, mellom anna musehalemose. Ingen raudlisteartar eller indikatorartar vart funne, men treet vart berre kort undersøkt. Svovelkjukke vart funnen to stader i området, men ikkje på dette treet. Svovelkjuka er ein nykelart som skapar holrom i eik, og dermed opnar opp for ei rekke andre artar.

Bruk, tilstand og påverknad:

Treet er vitalt med ei stor og symmetrisk krone. Det er ikkje holrom og lite daud ved. Treet står solrikt til. Det er i nærleiken fleire andre store tre, mellom anna ei hol eik og fleire eiker som ligg nær minstekravet for naturtypen.

Framande artar:

Ingen i nærleiken.

Skjøtsel og omsyn:

Treet bør få stå urørt og utvikle seg vidare. Det er truleg ikkje naudsynt med tiltak på mange år. I ein større heilskap kunne kanskje ein del yngre bjørketre vorte plukka ut.

Del av heilskapleg landskap:

Lokaliteten er del av eit heilskapleg kulturlandskap med kystlynghei, kystmyr, naturbeitemark og eikehagar. Dei store eiketrea er truleg dei viktigaste einskildverdiane i eikehagen. I berre kort avstand frå treet står ei større eik med byrjande holrom.



Figur 16. Kjempeik Mol 3, naturtypen Store gamle tre, verdi lokalt viktig. Vintereik med brysthøgdeomkrins på 220 cm. Foto: Rune Søyland



Figur 17. Kjempeeik Mol 3, med vid og vital krone. Foto: Rune Søyland

Haraldshaugen

Ecofact ID: 7

Naturbase ID: BN00004818

Kommune: Rennesøy

Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)

Naturtype: Naturbeitemark (D04)

Utforming: Frisk/tørr, middels baserik eng (D0407), Våt/fuktig, middels næringsrik eng (D0412), Fattig beiteeng (etter forslag til nye faktaark)

Verdi: C

Utveld naturtype: Nei

Registreringsdato: 3. oktober 2018

Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Roy Mangersnes, Ecofact. Søyland, R. 2015.

Oppdatering av naturtypar i delar av Rennesøy kommune 2013/2014. Ecofact rapport 420. Larsen, E.S. 2014: *Feltundersøkelser*

Stadkvalitet: < 20 m

Areal: 101,2 daa

Områdeskildring

Verdigrunngjeving:

Store delar av opphavleg avgrensing består av gjødsla storfebeite. Det meste av arealet er tydeleg tilført gjødsel, enten som kunstgjødsel eller gjennom tilleggsforing og naturleg tilført møkk. Kystlynghei førekjem berre i sær avgrensa område mot aust og i ei tynn stripe langs sjøen enkelte stader. I treklynger og i attgrodde område mot sjøen førekjem noko naturbeitemark, gjerne på skrinn mark. Desse blei gjennomgått nøyne og det blei ikkje påvist spesielt krevjande artar.

Artsmangfaldet er godt og det er eit visst potensial for raudlisteartar, og arealet er særstort. Det er et klart restaureringspotensial, sjølv om det fleire stader tydeleg er gjødselpåverknad. Det vart avgrensa ein lokalitet med naturbeitemark med C verdi.

Innleiing:

Området vart fyrste gong registrert 01.07.1999 (Lundberg, A og Skåtan, J.E. 1999). Lokaliteten er så vidt undersøkt av Erik Sten Larsen i samband med oppdatering av naturtypekartlegging på Rennesøy i 2013. Lokalitetsavgrensinga er endra i februar 2014, sidan ein del er blitt skild ut som eigen naturtype av naturbeitemark. Lokaliteten blei igjen undersøkt av Roy Mangersnes i 2018. Store delar av den opphavelige førekomensten var då hardt gjødselpåverka og blei teken ut, og berre et areal med naturbeitemark i nord blei verande att. Verdisetjing og skildring er etter faktaark for naturbeitemark (Bratli, H. i revidering av DN-håndbok 13 2014).

Stad og naturgrunnlag:

Lokaliteten ligg ved Haraldshaugen på nordsida av Askjesundet. Avgrensinga er god. Berggrunnen i området består av glimmergneis med sedimentære strukturer, stadvis med rester av andalusitt og kyanitt, stadvis sillimanittknollegneis og glimmergneis,

stadvis granat- og staurolittførende, med enkelte soner av amfibolitt (NGU). Førekomsten er kalkfattig, men med varierande fukt- og næringsinnhald. Nokre stader er jordlaget tynt, medan andre stader er det tjukkare og særstak fuktig. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t). Eksposisjonen er vestleg.

Naturtypar og utformingar:

Tre, buskar og overflatestruktur viser tydeleg at det er beitemark. Artsmangfaldet varierer og stort frå meir eller mindre tørkeutsette område. Det mest næringsrike delane er truleg påverka av noko avrenning og naturleg gjødsling frå husdyr.

Artsmangfald:

Ingen spesielt krevjande artar blei påvist, men vanlige artar som krushøyemole, klengemaure, strandrug, strandkvann, strandkjeks og hestehavre blei kartlagt. Sandstarr førekomm i enkelte parti. Beitemarka gror att med bjørk, rogn, selje og einer.

Bruk, tilstand og påverknad:

Storfebeite med tydeleg tilført gjødsel, enten som kunstgjødsel eller gjennom tilleggsforing og naturleg tilført møkk.

Framande artar:

Sitkagran

Skjøtsel og omsyn:

Storfebeitet bør oppretthaldast men beitetrykket reduserast. Området bør ikkje gjødsla. Det er eit potensial for å auka verdien av området gjennom skjøtsel. Ein bør halde eit øye med einer og bjørk som er i ferd med å ta over dei kystnære delane av avgrensinga.

Del av heilskapleg landskap:

Beitemarka er ein del av eit heilskapleg beitelandskap som er vanleg i store delar av Ryfylke, og er avgrensa av gamle steingardar som viser at områda har vært nytta til utmarksbeite i mange generasjoner.



Figur 18. Askje, naturbeitemark med verdi lokalt viktig (C).

Askje: Haraldhaugen S

Ecofact ID: 8

Naturbase ID: BN00044581

Kommune: Rennesøy

Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)

Naturtype: Naturbeitemark (D04)

Utforming: Våt/fuktig, middels næringsrik eng (D0412). Frisk/tørr, middels baserik eng (D0407). Fattig beiteeng (etter forslag til nye faktaark)

Verdi: B

Utvæld naturtype: Nei

Registreringsdato: 3. oktober 2018

Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Roy Mangersnes, Ecofact. Jordal, J. B. 2008. *Supplerande kartlegging av naturtypar i Rogaland i 2006*. Fylkesmannen i Rogaland, miljøvernnavd, 1-156.

Stadkvalitet: < 20 m

Areal: 95,7 daa

Områdeskildring

Verdigrunngjeving:

Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er ei intakt naturbeitemark som framleis vert beita, med eit betydeleg areal og med eit godt innslag av artar knytt til denne naturtypen. Det vart ikkje påvist raudlisteartar, men det er eit potensial for desse. Lokaliteten sjåast i samanheng med omliggande beitelandskap langs kysten her.

Innleiing:

Innlagt av John Bjarne Jordal i januar 2007. Lokaliteten blei på nytt undersøkt av Roy Mangersnes i 2018. Avgrensinga ble då justert noko og naturtypen endra frå kystlynghei til naturbeitemark. Verdi blei oppretthald. Verdisetjing og skildring er etter faktaark for naturbeitemark (Bratli, H. i revidering av DN-håndbok 13 2014).

Stad og naturgrunnlag:

Lokaliteten ligg på sørvestre del av Askje i Rennesøy kommune, mellom Haraldhaugen og stranda, og er eit udyrka heieområde med innslag av naturbeitemark. Berggrunnen i området består av *glimmergneis med sedimentære strukturer, stedvis med rester av andalusitt og kyanitt, stedvis sillimanittknollegneis og glimmergneis, stedvis granat- og staurolittførende, med enkelte soner av amfibolitt* (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonsseksjon og sterkt oseanisk seksjon, vintermild underseksjon (O3t). Avgrensinga er god.

Naturtypar og utformingar:

Førekomsten er kalkfattig til intermediær, med nokre marine avsetningar. Det er eit fuktig sig i området som gir delar av lokaliteten eit næringsrikt fuktig preg. Dei ytre delane er tørre og prega av noko attgroing.

Artsmangfald:

Det vart funne m.a. ein del kystmaure, elles hårsvæve, kystbergknapp, rognasal, smalkjempe, vivendel m.m. Nokre få vanlege beitemarkssoppar, m.a. silkeraudskivesopp (*Entoloma sericellum*) og kjeglevokssopp (*Hygrocybe conica*). Det er nok potensiale for fleire artar av beitemarkssopp, inkludert raudlisteartar. Under synfaring i 2018 var det ekstremt høgt gras på synfaringstidspunktet så det var vanskeleg å registrera beitemarkssoppar. Det er truleg at dei artane som tidlegare er funne på lokaliteten framleis finnas her.

Bruk, tilstand og påverknad:

Lokaliteten verker å være lettare gjødselpåverka, men var på synfaringstidspunktet prega av lite beite. Naturbeitemarka var framleis open men det hadde ikkje vorte beita på ei stund. Det er ein del attgroing med einer ved sjøen og på halvøya i sør. Elles er enga open.

Framande artar:

Ingen blei registrert.

Skjøtsel og omsyn:

Det bør leggas opp til beite, gjerne med storfe, så snart som mogleg. Beitetrykket bør vere ekstensivt og det må ikkje gjødslast. Tilleggsforing bør minimerast.

Del av heilskapleg landskap:

Beitemarka er ein del av eit heilskapleg beitelandskap som er vanleg i store delar av Ryfylke, og er avgrensa av gamle steingardar som viser at områda har vore nytta til utmarksbeite i mange generasjonar.



Figur 19. Naturbeitemarka ved Haraldshaugen Syd hadde lågt beitetrykk på synfaringstidspunktet.

Skjenhammar

Ecofact ID: 9

Kommune: Rennesøy

Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)

Naturtype: Naturbeitemark (D04)

Utforming: Frisk/tørr, middels baserik eng (D0407), Fattig beiteeng (etter forslag til nye faktaark)

Verdi: C

Utvald naturtype: Nei

Registreringsdato: 3. oktober 2018

Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Roy Mangersnes, Ecofact. John Inge Johnsen, Artskart. Søyland, R. 2015. *Oppdatering av naturtypar i delar av Rennesøy kommune 2013/2014*. Ecofact rapport 420. Larsen, E.S. 2014: *Feltundersøkelser*

Stadkvalitet: < 20 m

Areal: 42,8 daa

Områdeskildring

Verdigrunngjeving:

Lokaliteten var tidlegare innlemma i eit større areal avsett som kystlynghei med verdi C (BN00113371). Då dette arealet ikkje lengre har dei kvalitetane som trengs for å avgrensast, har denne delen blitt tatt ut som ein eigen naturtype. Arealet har lettare gjødselpåverknad i dei øvre delane, elles er det lite gjødsel. Det er derimot ein del attgroing med einer i nedre delar mot Førsvollvatnet.

Artsmangfaldet er godt og det er eit visst potensial for raudlisteartar, og at arealet er stort vektas og. Det er eit klart restaureringspotensial. Ingen spesielt sjeldne artar blei registrert. Førekomsten sjåast i samanheng med Førsvoll naturreservat og omliggande aktive beitelandskap og får lokal verdi C.

Innleiing:

Området var opphavleg ein del av ei større avgrensing (Søyland, R. 2013). Då denne vart fjerna frå Naturbase blei dette området tatt ut som ein eigen lokalitet. Området blei undersøkt av Roy Mangersnes i samband med oppdatering av naturtypekartleggingar i Rogaland i 2018. Verdisetjing og skildring er etter faktaark for naturbeitemark (Bratli, H. i revidering av DN-håndbok 13 2014).

Stad og naturgrunnlag:

Lokaliteten ligg sør for Førsvollvatnet naturreservat i Rennesøy kommune og nedre del av overlappar naturleg med naturreservatet. Avsett areal er ein del av et større beitelandskap der det meste er gjødsla. På grunn av topografi har dette vesle arealet blitt skjerma, men noko gjødselsig kjem i frå høgare deler. Avgrensinga er god. Berggrunnen består av "Tonalitt til granodioritt, foliert, stadvis rik på inneslutningar" (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t). Eksposisjonen er nordleg.

Naturtypar og utformingar:

Forekomsten er kalkfattig og lite tørkeutsett. Området langs Førsvollvatnet er fuktig, medan areala lengre frå vatnet er meir tørkeutsett. Dei ytre delane er prega av noko attgroing med einer.

Artsmangfald:

Fleire artar knytt til naturbeitemark blei registrert. Av desse kan nemnas smyle, blåtopp, markfrytle, røsslyng, klokkeling, sisselrot, kystmaure, lusegras, rome, rylik, einer, blåklokke og blåbær. Det blei søkt etter beitemarkssopp men berre papegøyevokssopp ble registrert. Frå tidlegare er skålfiltlav og grovporet vinterstilkjuke registrert innan lokaliteten (Artskart / Johnsen, J. I.)

Bruk, tilstand og påverknad:

Storfe- og sauebeite med noko gjødseltilførsel frå tilgrensande område. Store delar av lokaliteten er grodd att med einer.

Framande artar:

Ingen påvist

Skjøtsel og omsyn:

Beitet bør oppretthaldast. Ein bør søka å redusera bruk av gjødsel i nærleik av lokaliteten. Det er eit potensial for å auka verdien av området gjennom skjøtsel. Det er då spesielt interessant å fjerna einer for å opne opp att beitemarka.

Del av heilskapleg landskap:

Førekomsten inngår i eit større kulturlandskap som tidlegare har vore meir ekstensivt drive enn i dag. Ein del av dette landskapet er og Førsvoll naturreservat som førekomsten grensar til.



Figur 20. Naturbeitemarka på Skjenhammar grenser mot Førsvoll naturreservat.



Figur 21. Spesielt den nordvendte bakken har fin utforming og hevd.

Førsvoll Sør

Ecofact ID: 10

Kommune: Rennesøy

Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)

Naturtype: Naturbeitemark (D04)

Utforming: Våt/fuktig, middels næringsrik eng (D0412). Frisk/tørr, middels baserik eng (D0407). Fattig beiteeng (etter forslag til nye faktaark)

Verdi: C

Utveld naturtype: Nei

Registreringsdato: 3. oktober 2018

Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Roy Mangersnes, Ecofact. John Inge Johnsen, Artskart. Søyland, R. 2015. *Oppdatering av naturtypar i delar av Rennesøy kommune 2013/2014*. Ecofact rapport 420. Larsen, E.S. 2014: *Feltundersøkelser*

Stadkvalitet: < 20 m

Areal: 17,3 daa

Områdeskildring

Verdigrunngjeving:

Lokaliteten var tidlegare innlemma i eit større areal avsett som kystlynghei med verdi C (BN00113371). Då dette arealet ikkje lengre har dei kvalitetane som trengs for å avgrensast, har denne delen blitt tatt ut som ein eigen naturtype.

Artsmangfaldet er godt og det er eit visst potensial for raudlisteartar, samt at arealet er stort vektas. Det er eit klart restaureringspotensial. Ingen spesielt sjeldne artar blei registrert. Førekomsten sjåast i samanheng med Førsvoll naturreservat og omliggande aktive beitelandskap og får lokal verdi C.

Innleiing:

Området var opphavleg ein del av ei større avgrensing (Søyland, R. 2013). Då denne vart fjerna frå Naturbase blei dette området tatt ut som ein eigen lokalitet. Området blei undersøkt av Roy Mangersnes i samband med oppdatering av naturtypekartleggingar på Rogaland i 2018. Verdisetjing og skildring er etter faktaark for naturbeitemark (Bratli, H. i revidering av DN-håndbok 13 2014).

Stad og naturgrunnlag:

Lokaliteten ligg aust for Førsvollvatnet naturreservat i Rennesøy kommune. Avsett areal er ein del av et større beitelandskap der det meste er gjødsla. Mest trolig på grunn av topografi har dette vesle arealet blitt skjerma, men noko sig kjem i frå høgare deler i syd. Avgrensinga er god, men noko flytande mot gjødsla areal i syd og sydaust. Berggrunnen består av ”Tonalitt til granodioritt, foliert, stedvis rik på inneslutninger” (NGU). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk og vintermild underseksjon (Bn-O3t). Eksposisjonen er nordleg og vestleg.

Naturtypar og utformingar:

Førekomsten er kalkfattig og lite tørkeutsatt. Det går eit fuktig sig i området, medan dei brattare sidene er meir tørkeutsett. Store delar av førekomsten er prega av attgroing med einer og noko sitkagran.

Artsmangfald:

Fleire artar knytt til naturbeitemark blei registrert. Av desse kan nemnas smyle, blåtopp, geitsvingel, finnskjegg, røsslyng, klokkeling, kystmaure, rome, ryllik, einer, blåklokke og blåknapp. Det blei søkt etter beitemarkssopp og i den nordvendte sida blei det funne papegøyevokssopp og skarlagenvokssopp. Frå tidlegare er gulbrun ridderhatt registrert innan lokaliteten (Artskart / Johnsen, J. I.)

Bruk, tilstand og påverknad:

Det er lite gjødsel i lokaliteten, men noko sig frå nærliggande gjødsla areal. Det er ein del attgroing med einer, og i den nordvendte skrånninga er det ein del sitkagran frå nærliggande plantasje. Førekomsten er beita med.

Framande artar:

Sitkagran

Skjøtsel og omsyn:

Sitkagran må fjernast, og einer bør ryddast. Beitet bør oppretthaldast. Ein bør søka å redusera bruk av gjødsel i nærleik av lokaliteten. Det er eit potensial for å auka verdien av området gjennom skjøtsel. Det er då spesielt interessant å fjerna einer og sitkagran for å opne opp att beitemarka.

Del av heilskapleg landskap:

Førekomsten inngår i eit større kulturlandskap som tidlegare har våre meir ekstensivt enn det den framstår i dag. Ein del av dette landskapet er og Førsvoll naturreservat som førekomsten grensar til.



Figur 22. Sitkagran frå nærliggande plantefelt har spredt seg inn naturbeitemarka.



Figur 23. Øvre del av naturbeitemarka har mykje einer.

Hettebø

Ecofact ID: 11

Kommune: Eigersund og Bjerkreim

Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)

Naturtype: Kystlynghei (D07)

Utforming: Fattig fukthei (D0703) og tørr lystlynghei (D0701). Kalkfattig, lite tørkeutsatt og tørkeutsatt hei (etter forslag til nye faktaark)

Verdi: A

Utvald naturtype: Ja

Registreringsdato: 10. og 11. oktober 2018

Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Roy Mangersnes, Ecofact. Per Gerhard Ihlen, Asplan Viak 2015.

Stadkvalitet: < 200 m

Areal: 39 900 daa

Områdeskildring

Verdigrunngjeving:

Lokalitet er særstak og har høy vekt på storleik som kalkfattig kystlynghei. Største delane av lokaliteten har høy vekt på tilstand, ved at området er i bruk med beiting og brenning. Det er ikke kjent raudlisteartar spesielt knytt til kystlynghei i området, selv om slike truleg finst. Nokre mindre områder har preg av sterkt beitepress og kan settast til naturbeitemark. Med høy vekt både på storleik og tilstand for store delar av lokaliteten vert verdien sett til særstak (A).

Arealet som blei undersøkt inneholdt 3 mindre avgrensade kystlyngheier (BN00114871, BN00114856 og BN00114866). Desse blei innlemma i ny lokalitet.

Innleiing:

Området blei undersøkt av Roy Mangersnes over to dagar i samband med oppdatering av naturtypekartleggingar på Rogaland i 2018. Tre mindre førekommstar av kystlynghei med lokal verdi (BN00114871, BN00114856 og BN00114866), kartlagt av Per G. Ihlen, blei innlemma i dette nye området etter einighet med Ihlen. Verdisetjing og skildring er etter faktaark for kystlynghei (Jordal, J.B., i revidering av DN-håndbok 13 2014).

Stad og naturgrunnlag:

Lokaliteten ligg Nord for Gyadalen i Eigersund kommune og strekker seg godt inn i Bjerkreim kommune ved Netland. Mot aust er lokaliteten avgrensa av ein bergvegg som strekker seg mot nord i frå Terland, og i vest omkransar kystlyngheia Eftelandsvatnet. Avgrensinga er god, men nokon usikker enkelte stadar på grunn av lokalitetens storleik. Berggrunnen består av en mosaikk av magnetitt-ilmenittnorritt/ leukonoritt, (NGU). Lausmassedekket består for ein stor del av bart fjell og tynt dekke. Lokalitetten ligg i sør-boreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (SB-O2).

Naturtypar og utformingar:

Området er stort og variert, og framstår som ein mosaikk av fattig fukthei med blåtopp og bjønnskjegg dominans, og tørr lynchei der røsslyng dominerer. Vegetasjonen på fuktheia er typisk for regionen med mykje blåtopp, bjønnskjegg, klokkelyng, rome og røsslyng. I dei høgareliggende områda i aust kan delar av området truleg settast til boreal hei med krekling og rypebær. Enkelte områder har sterkt beitetrykk og bærer preg av å vera naturbeiter, men overgangane er flytande og dei inkluderast difor i kystlyngheia.

Artsmangfald:

Dei vestlege områda er opne og strekker seg opp i 400-500 meters høgde. Tørre rabbar og fuktige dalar finnast her i fin mosaikk. På dei tørre område dominerer røsslyng, blokkebær, heigråmose, krekling, tyttebær, rypebær, blåbær og einer. I dei fuktigare områda veks blåtopp, pors, bjønnskjegg, klokkelyng, rome og myrull. Spreidd i heile området finnes bjørk, furu og einer. Enkelte område med sterkt beita har delvis naturbeitepreg og her vaks fjellmarikåpe i graminidetdominert eng. I vest er det betydeleg meir skog og einer i liene og området er generelt meir fuktprega med blåtopp dominans, sjølv om det er store tørre bakkar med røsslyng.

Bruk, tilstand og påverknad:

Stort sett god hevd med sauebeite og brenning. Det er noko attgroing med einer og bjørk, spesielt i vestre delar. Områda rundt Eftelandsvatnet har betydelig attgroing med bjørk i aust og furu på vestsida.

Framande artar:

Sitkagran, lerk

Skjøtsel og omsyn:

For å ivareta og utvikle naturverdiane bør tradisjonell bruk av lyncheier oppretthaldas, og ein bør søka å rydda einer og ung bjørk for å redusera tap av den opne lyncheia.

Del av heilskapleg landskap:

Førekomsten er eit meir eller mindre intakte heiegardmiljø i Eigersund og Bjerkreim kommune utan nyare inngrep og der dei fysiske og økologiske strukturane er tydelege.



Figur 24. Sentrale deler av kystlyngheia er open og heieprega.



Figur 25. Mot aust og syd er det ein god del attgroing med bjørk, men fine tørrbakkar med røsslyng i mellom.



Figur 26. Oversikt frå syd mot nord i kystlyngheia.

Snorrestad-Sikvalandskula

Ecofact ID: 11

Naturbase ID: BN00044653

Kommune: Time

Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)

Naturtype: Kystlynghei (D07)

Utforming: Fattig fukthei (D0703). Kalkfattig, lite tørkeutsatt hei (etter forslag til nye faktaark)

Verdi: A

Utvald naturtype: Ja

Registreringsdato: 19. oktober 2018

Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Roy Mangersnes, Ecofact. Jordal, J. B. 2006.

Supplerande kartlegging av naturtypar i Rogaland i 2006. Fylkesmannen i Rogaland, miljøvernnavd, 1-156. Kristensen, G. & Storli, S. E. 2006. *Kartlegging av naturtypar i Time kommune.* Rapport Time kommune. 1-91. Bjarne Oddane, feltundersøkingar 2015.

Stadkvalitet: < 50 m

Areal: 12 324 daa

Områdeskildring

Verdigrunngjeving:

Lokaliteten er stor i utstrekning og er i god hevd, sjølv om brenningsregimet ikkje lengre vert oppretthalde. Innan avgrensinga finnes det spreidde førekomstar av klokkesøte (VU), solblom (VU) på ein til to lokalitar, samt to par hubro (VU) som bruker området til jakt/hekking. Ut frå dei nye verdisetjingskriteria tilseier lokalitetens storleik, hevd og førekomst av raudlisteartar ein verdisetting som særskilt viktig (A).

Innleiing:

Feltarbeid og områdeskildring er gjort av Ecofact ved Bjarne Oddane i samband med revidering av gamle, og registrering av nye, kystlyngheier i Rogaland i 2015. Lokaliteten var registrert frå før i Naturbase, sist av J.B. Jordal. Vurdering og verdisetjing av lokaliteten fylgjer forslag til nye faktaark for kystlynghei (Jordal, 02.06.2014). Endring av avgrensinga vart sist gjort av Roy Mangersnes etter synfaring 18. oktober 2018. Då vart området i vest, mellom Langavatnet og Litla Undheim gått opp for betre avgrensing.

Stad og naturgrunnlag:

Lokaliteten er del av eit stort heirområde som i nord går til Engjavatnet (del av Urådalen landskapsvernområde), Nonsfjellet, Røyrvatnet, Eidlandskula, i nordaust til fylkesveg og Fjellvatnet, vidare mot sørvest ovanfor Sikvalandsgardane til Varden, Husavatnet og Snorestad der den fylgjer mellom Fårevatnet og Ålatjernet. Kystlynghei dekker store delar av avgrensinga. Det finnes også områder med fattig myr og oligotrofe vatn, men det synest naturleg at området sjåast på som ein heilskap. Vegetasjonstypen i kystlyngheia består i all hovudsak av kalkfattig, lite tørkeutsett hei, men det finst også parti med kalkfattig, tørkeutsett hei.

Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og presisjonen er vurdert til å vere god (< 50 m). Berggrunnen består av diorittisk til granittisk gneis og migmatitt (NGU). Lausmassedekket består for ein stor del av tynn moreneavsetning med ein del bart fjell i dagen, men også av parti med tjukkare morenedekke og torvavsetningar. Lokaliteten i sørboreal vegetasjonssone, og i sterkt oseanisk seksjon (SB-O3h).

Artsmangfald:

Vegetasjonen domineras av blåtopp og bjønnskjegg, men røsslyng, klokelyng og rome er også talrike. Av andre vanleg førekommande artar kan pors, finnskjegg og tepperot nemnast. Myrene er også stort sett dominerte av blåtopp, med innslag av rome, bjønnskjegg, klokelyng, røsslyng, torvull, blokkebær og duskull. Klokkesøte (VU) finnes spreidd i området, men er ikke spesielt talrik. Denne er funnen fleire stader ved/nær Grunnavatnet, sør og nord for Snorestadtfjørnane, sør av Jembaknuten og i Fåredalen. I Risdølen står nokre få tuer med solblom (VU), men dei blømer ikke kvart år (Oddvar Undheim pers. medd.). Lundberg opplyser om solblom i den vestre delen, men ikke kor. Det hekkar eitt par hubro (VU) innanfor avgrensinga, og ytterligare eitt par brukar delar av område som jaktområde.

Bruk, tilstand og påverknad:

Området har jamt over eit middels til høgt beitetrykk av sau og storfe og er alt i alt i god hevd med lite oppslag av skog. Det vert berre brunne sporadisk innan planområdet. Det er gradientar mot gjødsela beite i nærliken av gardane. I Fåredalen nordaust for Fårevatnet er det planta sitkagran i sidene, men botnen med fattigmyr er intakt. Det går ein kjerreveg/traktorveg med låg standard frå Snorestad til Risstølen og frå Fårevatnet til Risstølen. På grunn av gjødsling i Risstølen og Lauvlia, samt sitkagranplantningane i Fåredalen er lokaliteten nesten delt i to. Det er nokre gjødselpåverknad i området heilt mot vest, men dette er ein flytande overgang mot uggjødsla hei.

Framande artar:

Det er planta sitkagran og andre framande bartre inn mot lokaliteten og enkelte tre har spreidd seg inn i kystlyngheia. Omfanget er enda lite.

Skjøtsel og omsyn:

Lokaliteten bør beitast om lag som i dag. Førekostane av klokkesøte (og solblom) vil vera avhengig av langsiktig tradisjonell bruk med beiting og trakk. Klokkesøte treng naken jord for å spira og utvikla seg. Lyngrike område og område med mykje strølag og oppvekst av busk/tre bør brennast for å halde kystlyngheia i god hevd. Brenning kan og brukast til å halde heia i god hevd dersom beitetrykket går ned. Ein bør unngå gjødsling, treplanting og fysiske inngrep.

Del av heilskapleg landskap:

Området er ein del av store, intakte heieområde i Sør-Rogaland.



Figur 27. Syd for Alatjørna grenser kystlyngheia mot ein sitkaplantasje.



Figur 28. Kystlyngheia ved Langavatnet er fint beita med storfe og sau.

Holmaholen

Ecofact ID: 13

Naturbase ID: BN00081074

Kommune: Gjesdal

Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)

Naturtype: Kystlynghei (D07)

Utforming: Fattig fukthei (D0703). Kalkfattig, lite tørkeutsatt hei (etter forslag til nye faktaark)

Verdi: A

Utvæld naturtype: Ja

Registreringsdato: 19. oktober 2018

Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Roy Mangersnes, Ecofact. Grunneigar Magnus Søyland, Rune 2009. *Kartlegging av kystlynghei i Gjesdal kommune. Tilleggsregistrering av naturtyper med fokus på kystlynghei.* Risa, Geir 2009. Solvang, R., Heggeland, A. og Gaarder, G. 2003. *Biologisk mangfold på Sikveland-Jolifjell skyte- og øvingsfelt, Gjesdal og Time kommuner, Rogaland fylke.* Forsvarsbygg Eiendomsforvaltning. BM-rapport nr 56 (2003).

Stadkvalitet: < 200 m

Areal: 5 670 daa

Områdeskildring

Verdigrunngjeving:

Lokaliteten er godt ivaretatt ved beiting, og det er store areal utan gjødselpåverknad og med lite attgroing. Det er funnet en viss førekomst av den sterkt truga raudlistearten klokkesøte, og området beites slik at arten har gode moglegheiter for å ivaretakast i området. Lokaliteten grenser og opp mot andre store areal av same naturtype, og inngår dermed i eit større heilskapleg lyngheilandskap. Det er små parti med tørrhei. Som del av et større område med kystlynghei i hevd, og ut frå førekomst av en sterkt truga art, er det gitt verdi særsviktig (A-område).

Innleiing:

Stort område med fukthei som er i god hevd nord og nordaust for Holmaholen. Lokaliteten er avgrensa mot område med gjødselpåverknad og område med bjørkeskog. I sørauste del går vegetasjonen over mot planta furuskog. Lokaliteten ligger i sør boreal vegetasjonssone, sterkt oseanisk vegetasjonssone (Sb-O3). Det var sett av lite tid til undersøking av området sidan arealet tidlegare er dekket av naturtypekartlegging (Solvang m.fl. 2003). Undersøkingar av områda rundt Holmaholen og i sørlige del av området viste fine utformingar av fukthei i god hevd. I tidlegare rapport er det argumentert med at lite røsslyng inneber at naturtypen kystlynghei ikkje er aktuell, noko som ikkje stemmer. Bildemateriale i denne rapporten viser store areal med fukthei i fine utformingar og god hevd. Basert på eigne undersøkingar av sørleg del, bildemateriale og skildring frå Solvang m.fl. (2003), bruk av kikkert og samkjøring med flyfoto er lokaliteten blitt avgrensa. Delvis undersøkt ved feltarbeid av Rune Søyland 18.09.2009. Opplysingar frå grunneigar Geir Risa 18.09.2009. Arealet som inngår i Forsvarets

øvingsfelt er tidligare undersøkt og skildra av Rune Solvang mfl. 2003. Under synfaring 19. oktober 2018 ble det innlemma et areal med fukthei av Roy Mangersnes. Dette arealet omkransar Mjålivatnet og er i god hevd.

Stad og naturgrunnlag:

Området er stort og strekker seg fra fylkesvei 201 i vest og sør til Holmaholen, der lokaliteten grenser til kystlyngheiførekost Ulvarudla. Mot øst strekker heia seg nesten heilt til E39. Hele førekosten er innlemma i det som er et avsett areal for forsvaret som skytefelt. Kartavgrensing og stadtaklighet oppdatert av Fylkesmannen etter ein gjennomgang av alle kystlyngheimråde i 2013 og 2015 (ulike datakjelder som ortofoto, skrå flyfoto, AR5, FKB-kartdata, godkjend spreieareal, skjøtselsplanar, synfaringar). Berggrunnen består mest av kvarts og granitt. Lokaliteten ligger i sørboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

Artsmangfald:

Klokkesøte (VU) blei funnen i søraustre del av området. Grunneiger opplyser at det skal være ein god førekost av arten ved myra nordvest for Holmaholvatnet, men her blei arten ikkje gjenfunnen. Fleire av plantene som blei funne i sørøst var avblomstra, så oppgitt førekost som ikkje blei gjenfunne kan ha vore avblomstra. Det blei funne typiske arter for fukthei i området. Bjønnskjegg, blåtopp, rome, klokkeling, heisev, stjernestarr, heigråmose, krekling, stivstarr, kornstarr, krypvier, småvier, pors, kysttjønnaks, grønstarr, tepperot, flaskestarr, ørevier, knappsv, myrfiol, duskmyrull, kystmyrklegg og myk kråkefot. Det står noen få furutrær og grantre innanfor avgrensninga. Øst i området, ved Mjålivatnet finnes noen mindre felt med grov osp, med stor ospeeldkjuke.

Bruk, tilstand og påverknad:

Området er beita av sau og enkelte stader med storfe. Det er storfebeite nær Holmaholen i sørlige del av området, der det blei funne litt klokkesøte. Området med tydeleg gjødselpåverknad er utelatne frå avgrensinga, men enkelte parti med litt gjødselpreg ligg innanfor avgrensinga.

Framande artar:

Sitkagran og lerk har spreidd seg inn i området frå nærliggjande plantefelt. Buskfuru.

Skjøtsel og omsyn:

Beitepresset bør oppretthaldast. Det er spesielt viktig å fortsette med storfebeite, sidan klokkesøte er avhengig av bar jord som oppstår ved trakk av storfe for å spire. Gjødsling og fysiske inngrep bør unngåast. Buskfuru og enkelttre av sitkagran og lerk bør fjernast. Redusert beitepress, gjødsling, spreiling av planta bartre og fysiske inngrep er blant aktuelle trugslar.

Del av heilskapleg landskap:

Området er ein del av store, intakte heieområde i Sør-Rogaland.



Figur 29. Området rundt Mjåtørna er stort sett open kystlynghei med mosaikk av fukthei og tørrhei, men med noko attgroing med bjørk.



Figur 30. Fukthei med noko attgroing av bjørk heilt aust ved Fiskelitjørna.

Grinde

Ecofact ID: 14

Kommune: Tysvær

Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)

Naturtype: Kystlynghei (D07)

Utforming: Fattig fukthei (D0703). Kalkfattig, lite tørkeutsatt hei (etter forslag til nye faktaark)

Verdi: A

Utvald naturtype: Ja

Registreringsdato: 16. oktober 2018

Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Roy Mangersnes, Ecofact, grunneierkontakt Ove Stumo

Stadkvalitet: < 50 m

Areal: 3 875 daa

Områdeskildring

Verdigrunngjeving:

Lokalitet er særstak og får høy vekt på storleik som kalkfattig kystlynghei. Lokaliteten får og høy vekt på tilstand, ved at området er i bruk med beiting. Det er ikke kjent raudlisteartar spesielt knytt til kystlynghei i området. Med høy vekt både på storleik og tilstand for store delar av lokaliteten vert verdien sett til særstak viktig A.

Innleiing:

Området blei undersøkt av Roy Mangersnes i samband med oppdatering av naturtypekartleggingar i Rogaland i 2018. Verdisetjing og skildring er etter faktaark for kystlynghei (Jordal, J.B., i revidering av DN-hanbok 13 2014).

Stad og naturgrunnlag:

Lokaliteten ligg aust for Aksdal i Tysvær kommune like sør for Grindavatnet. Mot sørvest er lokaliteten avgrensa av Fuglavatnet, og i søraust med Amdal. Avgrensinga er god. Berggrunnen består av fleire ulike typar som gneis, granittisk gneis og migmatitt (NGU). Lausmassedekket består for ein stor del av tynn moreneavsetning med ein del bart fjell i dagen, men også nokre område med tjukkare morenedekke og torvavsetningar. Lokaliteten ligg i sør-boreal vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3h).

Naturtypar og utformingar:

Området er variert, med ein mosaikk av fattig fukthei med blåtopp- og bjønnskjegg-dominans, og tørr lynghei der røsslyng dominerer. Tørrheia dominerer i sør og vest med røsslyng og noko purpurlyng på dei tørraste områda. På platåa og i nord og aust er vegetasjonen typisk med mykje blåtopp, bjønnskjegg og rome.

Artsmangfold:

Ingen spesielle artar blei registrert. Lokaliteten har ein mosaikk med fattig fukthei og fattig tørrhei, der blåtopp, røsslyng og purpurlyng dominerer. Det er stadvis ein del

attgroing med einer, og bjørk, samt spreidd furu. Frå før er det i Artskart registrert bleikesleivmose, fjørgråmose, krussleivmose, flekkmose, vegkrukkemose, blåmose og stripefoldmose, samt vasstorvmose, tvaretorvmose, vortetorvmose, magellantorvmose, dvergtorvmose, furutorvmose, kysttorvmose og heitorvmose i dei fuktigaste partia.

Bruk, tilstand og påverknad:

Stort sett god hevd med sauebeite og brenning. Det er noko attgroing med einer, bjørk og furu, spesielt i sørvest og i kantane av området. I aust er det noko gjødselpåverknad, samt at det går ein landbruks- /turveg sentralt gjennom området, med ein avstikkar i form av ein mykje nyttar tursti opp til Litlaskogfjellet.

Framande artar:

Sitkagran

Skjøtsel og omsyn:

For å ivareta og utvikle naturverdiane bør tradisjonell bruk av llyngherier oppretthaldas, og ein bør søka å rydde einer og ung bjørk for å redusera tap av den opne llyngheria. Det må ikkje gjødslast, og det bør søkast å redusera tilleggsforing av sau inne i lokaliteten.

Del av heilskapleg landskap:

Heia er open og eit typisk utmarksbeite for sau i regionen. Det går nokre turveiar, som stadvise er grusa, i området, og det er og nokre spor av landbruksmaskinar og gjødsling. Trass dette får ein inntrykk av ei heilskapleg aktivt kystlynghei som er typisk for regionen.



Figur 31. I sydvest dominerer tørrhei med røsslyng og purpurlyng. Det er ein del furu og einer her.



Figur 32. Øvre delar av heia ved Litlaskogfjellet er open og godt skjøtta med sau.



Figur 33. Det er ein god del einer spreidd sentralt i området.

Hei frå Høie/Hauge til Aksdalvatnet

Ecofact ID: 15

Naturbase ID: BN00082288

Kommune: Tysvær

Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)

Naturtype: Kystlynghei (D07)

Utforming: Fattig fukthei (D0703). Kalkfattig, lite tørkeutsatt hei (etter forslag til nye faktaark)

Verdi: B

Utveld naturtype: Ja

Registreringsdato: 16. oktober 2018

Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Roy Mangersnes, Ecofact, grunneierkontakt Ove Stumo. Lundberg, A. 2010. *Kulturlandskap og biologisk mangfold på Haugalandet. Fylkesmannen i Rogaland, Miljørappport 5.* Lundberg, A. 2017. *Kystlynghei i Høievassdraget, Tysvær, tilstand per 2017.* Notat.

Stadkvalitet: < 50 m

Areal: 4763 km²

Områdeskildring

Verdigrunngjeving:

Området får høg vekt på storleik. Dei brende og rydda delane er på god veg til å få ein betre tilstand. Om ein får til eit kombinasjonsbeite med tilstrekkeleg storfe til å dempa blåtoppen, kan desse delane få status som velskjøtta. Området får låg til middels vekt på artsmangfold. Det er framleis eit ganske stort innslag av ung bjørkeskog, barplantefelt og grov einer som dreg verdien ned. Verdien blir derfor alt i alt sett til Viktig-(B) inntil vidare, men utsiktene til å utvikla det til eit A- område er gode om det gode arbeidet med rydding og rett skjøtsel blir vidareført og styrka.

Innleiing:

Den søre delen av området vart først kartlagt i 1985 (Steinnes 1988), seinare som 3 område av Lundberg (2010). Området var alt ute av bruk og delvis tilplanta og attgrødd i 1985. Frå om lag 2006 er området teke aktivt i bruk med beiting, brenning og rydding av ungskog. Lundberg kartla området på nytt i 2017 og har i eige notat vurdert stoda, særlig av den midtre delen. Ny avgrensing og områdeomtale vart laga av Audun Steinnes tufta på dette notatet, tidlegare registreringar, synfaring, fly- og bakkefoto. Området sør for opphavleg avgrensing, aust om Mosvatnet, vart undersøkt av Roy Mangersnes i samband med oppdatering av naturtypekartleggingar i Rogaland i oktober 2018. Eit større område blei då innlemma i denne lokaliteten. Dette området er open mosaikk av tørrhei og fukthei, og er i hevd, men har parti med ein del einer. Verdisetjing og skildring er etter faktaark for kystlynghei (Jordal, J.B., i revidering av DN-håndbok 13 2014).

Stad og naturgrunnlag:

Området er typisk for den store, grunnlendte kystsletta på Haugalandet. Det utgjer ein stor del av utmarka til gardane i Høie/Hauge-grenda i Tysvær og tilgrensande delar aust for denne. Det utgjer den sentrale delen av halvøya mellom Førresfjorden og Førlandsfjorden mellom Aksdalsvatnet og Hetlandsvågen. Det meste av området ligg innanfor Høie/Haugevassdraget som er verna som eit døme på små kystvassdrag i kystheisona. Området ligg i boreonemoral sone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon. Det går til sjøen i sør, og store delar ligg under 50 m o.h. med nokre få toppar over 100 m o.h.

Artsmangfald:

Det er ikkje registerert raudlista planter i området. I tillegg til dei dominerande heieartane finst purpurlyng, heiblåfjør, kornstorr, kystreinlav, blåmose, flekkmarihand, mjuk kråkefot, dikesoldogg, pyttlav, gullhårmose, flekkmarihand, stri kråkefot og gytjeblærerot. Hubro (VU) er frå gammalt kjend frå området.

Bruk, tilstand og påverknad:

I eldre tid, fram til utpå 1970-talet, blei området brukt som sauebeite, før det og av storfe. Etter 1970-talet har det ikkje vore beita av husdyr fram til nyleg. På 1960-talet var det ein større lyngbrann i området. Brannen starta på Rønnevik-sida og breidde seg vestover mot Sørvåg, nordover til Aksdalvatnet og sør til Longavatnet. Bjørk og furu er talrike i området og har spreidd seg mykje. Det er dessutan ein del plantefelt med sitkagran og buskfuru. Trea er komne i frøproduserande alder og utan ein sær aktiv skjøtsel vil gjengroinga skyte fart. Særleg i midtpartiet mellom Vågavatnet og Ådnavatnet er kystlyngheimrådet næraast delt av ungskog. Etter kringom 2007 er delar av utmarka teken i bruk att og i stadig større omfang med beiting, brenning og rydding av ungskog. Sidan området er særstort, er beitetrykket alt i alt for lite, mange delar blir også beita einsidig med sau. Dette fører til at fuktheiane etter brenning blir dominerte av blåtopp. Det blir nå satsa planmessig på å auka beitinga med ammekyr og ungdyr. Eit aukande tal utegangarsau sidan 2006 hindrar stort sett alt nå vidare attgroing der dei beitar.

Framande artar:

Det er planta sitkagran, buskfuru og norsk gran i området, og desse artane spreier seg med frø frå plantingane.

Skjøtsel og omsyn:


Dagens bruk gjer at lyngheia utviklar seg positivt. Det er utvikla eit god grunneigarsamarbeid som aukar sjansen for tilstrekkeleg og rett beiting, og yngre folk har teke over mange av bruka. Det er her utvikla samarbeid og organisering av lyngbrenninga som er modell for resten av fylket. Det er særleg ynskjeleg å vidareføra rydding og annan skjøtsel ned til vassdraget, betra kontakten mellom nordre og søre delen og prioritera sørhellinger med purpurlynghei. Det er viktig at skjøtsel og tilrettelegging for friluftsliv blir tilpassa dei gamle hekkeområda for hubro.

Del av heilskapleg landskap:

Det tidlegare heilskaplege kystheilandskapet vart til dels sterkt endra av attgroing og skogplanting, men får nå i stadig aukande grad tilbake det opphavlege preget. Den sentrale delen ligg i Høyevassdraget som er verna som eit døme på små kystvassdrag i kystheisona. Området er aktivt brukt til friluftsliv.



Figur 34. Slettafjellet, aust for Mosvatnet.



Figur 35. Kulturspor og tørr røsslynghei på sørsida av Slettafjellet.



Figur 36. Austsida av Mosvatnet har ein del attgroing med einer, bjørk og furu.



Figur 37. Bjørk og furu dominerer mellom Mosvatnet og Hetlandsvatnet, men det er eit potensial for å restaurere kystlyngheia her.



Figur 38. Områda nord for Storavatnet er godt skjøtta mosaikk med tørrhei og fukthei. Det vaks og purpurlyng her. Området er avsett til næringsområde i kommuneplanen.

Vatnheim

Ecofact ID: 16

Kommune: Tysvær

Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)

Naturtype: Hagemark (D05)

Utforming: Fattig hagemark med boreale tre (etter forslag til nye faktaark)

Verdi: B

Utvært naturtype: Ja

Registreringsdato: 16. oktober 2018

Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Roy Mangersnes, Ecofact

Stadkvalitet: < 20 m

Areal: 19,7 daa

Områdeskildring

Verdigrunngjeving:

Med bakgrunn i faktaark for hagemark fra august 2015 (Miljødirektoratet 2015) oppnår lokaliteten høg vekt på storleik (19,7 daa), tilstand (i bruk med tradisjonelt beite), påverknad (i bruk med moderat intensiv bruk) og landskapsøkologi (under 0,5 km til nærmeste verdifull kulturmark). Lokaliteten får låg vekt på artsmangfald, men bør oppsøkast på andre tider av året for nærmere undersøkingar. Dei tre nemnde parametrane gir grunnlag for å sette verdien særskilt viktig – A, men den vart justert ned på lite kunnskap om artsmangfaldet.

Innleiing:

Lokaliteten blei avgrensa av Roy Mangersnes i samband med naturtypekartlegging i 2018. Hagemarka vart undersøkt seint i sesongen då denne naturtypen ikkje hadde prioritet i kartlegginga, og bør derfor undersøkast igjen under vekstsesongen. Det blei søkt etter beitemarksoppar under feltsynfaring utan at dette blei funne. Det betyr likevel ikkje at det ikkje finst beitemarksopp og at dei kan komme fram andre år. Nærare undersøkingar av artsmangfoldet vil truleg føre lokaliteten opp til særskilt viktig verdi (A).

Stad og naturgrunnlag:

Området ligg ved garden Vatnheim like sør for Hetlandsvatnet i Tysvær kommune. Avgrensinga er gjort mot gardsveien i nord og er elles avgrensa av steingard mot kystlynghei i sør. Mot garden i vest går hagen over i open gjødsla mark. Berggrunnen består av granittisk øyegneis og gir ikkje grunnlag for spesielt rik vegetasjon. Området ligg i boreonemoral sone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon. Hagemarka er beita av sau, og tidvis storfe. Den er lysopen og dominert av store gamle bjørketre med nokre større osp og hassel. Det er ein del daudved med ulik nedbrytingsgrad.

Naturtypar og utformingar:

Hagemark dominert av bjørk, men med enkelte osper og parti med hassel. Utan beite er det få teikn på kulturdrift i hagen, slik som styving, men det er truleg at slik aktivitet har

vore i bruk. Det er noko daudved som aukar det biologiske mangfaldet. Då synfaringa skjedde seint på året er det noko uvisst kor rik artsdiversitet som finst her, og ein bør søka å besøka førekomensten i vekstsesongen for ei oppdatering og nærmare vurdering av denne.

Artsmangfald:

Det er ikkje registerert raudlista planter i området. Det blei ikkje registrert spesielle artar i tilknyting til hagemarka. Graminider og engmose dominerer i botnsjiktet. Det blei søkt etter beitemarksopp men ingen blei registrert. Det blei registrert ein del kryptogamar på trær, men ingen av desse var spesielt sjeldne eller krevjande. Av artar kan nemnast matteblærremose, kystkransmose, piggknoppgullhette, musehalemose, krinsflatmose, matteflettemose, bristlav, papirlav, bleiktjafs, cladonia sp. Det vurderast å vera et visst potensial for raudlisteartar, men det forventast ikkje å finna mange artar.

Bruk, tilstand og påverknad:

Hagen er beita og i god hevd. Det er ikkje gjødsla, men høgt beitetrykk i periodar har truleg gitt nokre gjødseleffektar. Det var ikkje hogstspor i hagen, men noko daudved med varierande nedbrytingsgrad.

Framande artar:

Ingen blei registrert.

Skjøtsel og omsyn:

Dagens beitetrykk bør oppretthaldast og det må ikkje gjødslast. Det er og ønskeleg at tresjiktet bevarast opent. Det kan derfor vera aktuelt å tynna ungskog og noko einer i hagen.

Del av heilskapleg landskap:


Hagemarka er ein del av eit heilskapleg kulturlandskap med garden og innmarka like ved, og den store kystlyngheia sør for området. Denne lokaliseringa, i eit samanhengande kulturlandskap, bidreg til å heva verdien på lokaliteten.



Figur 39. Bjørk dominerer i den lysopne hagemarka.



Figur 40. Det er ein del daudved i hagemarka.



Figur 41. Det er nokre kulturspor i lokaliteten som er avgrensa av steingardar i vest og i sør. Hassel veks langs grensa.

Fjogstad

Ecofact ID: 17

Kommune: Sandnes

Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)

Naturtype: Kystlynghei (D07)

Utforming: Fattig fukthei (D0703). Kalkfattig, lite tørkeutsatt hei (etter forslag til nye faktaark)

Verdi: B

Utvald naturtype: Ja

Registreringsdato: 24. oktober 2018

Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Roy Mangersnes, Ecofact. Torborg Berge, Sandnes kommune.

Stadkvalitet: < 50 m

Areal: 922 daa

Områdeskildring

Verdigrunngjeving:

Lokalitet er middels stor og får middels vekt på storleik som kalkfattig kystlynghei. Lokaliteten får og høg vekt på tilstand, ved at området er i bruk med beiting. Det er ikkje kjent raudlisteartar spesielt knytt til kystlynghei i området. Med middels vekt på storleik og stor vekt på tilstand vert verdien sett til viktig B.

Innleiing:

Området blei undersøkt av Roy Mangersnes i samband med oppdatering av naturtypekartleggingar i Rogaland i 2018. Verdisetjing og skildring er etter faktaark for kystlynghei (Jordal, J.B., i revidering av DN-håndbok 13 2014).

Stad og naturgrunnlag:

Lokaliteten ligg aust for Gandsfjorden i Sandnes kommune like aust for Dalsnuten og vest for Fjogstadvatnet. Avgrensinga er god. Berggrunnen består av fleire ulike typar som gneis, granittisk gneis og migmatitt (NGU). Lausmassedekket består for ein stor del av tynn moreneavsetning med ein del bart fjell i dagen, men også nokre område med tjukkare morenedekke og torvavsetningar. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

Naturtypar og utformingar:

Området er dominert av fattig fukthei. I små parti er det tørrhei dominert av røsslyng, men desse er oppstykka av nakent berg. Vegetasjonen på fuktheia er typisk for regionen. Mykje blåtopp, bjønnskjegg, klokkeling, rome og røsslyng. Heia er hardt beita med storfe og enkelte parti har utforming som kan settast til naturbeitemark, men desse har flytane overgangar til fuktheia.

Artsmangfald:

Ingen spesielle artar blei registrert. Lokaliteten er dominert av fattig fukthei, men nokre parti med fattig tørrhei, der blåtopp, røsslyng og bjønneskjegg dominerer, medan finnskjegg, rome, heiblåfjør, klokkelyng, kornstarr og myrklegg er vanlege. I hardt beita områder finns markfrytle, mattesveve, smyle, englodnegras og nokre vokssopp som mønjevokssopp og seig vokssopp. Det er stadvis ein del attgroing med einer, bjørk og rogn.

Bruk, tilstand og påverknad:

Stort sett god hevd med Angus storfebeite, nokre sau og brenning. Det er noko attgroing med einer, bjørk og rogn. Det går ein turveg vest og nord i området, mellom Gramstad, Fjogstadnuten og Dalsnuten, og med ein avstikkar mot Skjørestadfjellet.

Framande artar:

Det er noko sitkagran spreidd i området, samt noko bunkemispel i nord.

Skjøtsel og omsyn:

For å ivareta og utvikle naturverdiane bør tradisjonell bruk av lystheier oppretthaldast, og ein bør søka å rydda einer, mispel og ung bjørk for å redusera tap av den opne lystheia. Nokre areal i heia er hardt beita og har noko gjødselpreg frå dyra. Det må ikkje tilførast gjødsel, og ikkje tilleggsforast inne i lokaliteten.

Del av heilskapleg landskap:

Lokaliteten er ei godt hevda utmark i samband med garden på Fjogstad der det framleis er storfe og sau. Det er ein naturleg overgang mellom innmark og utmark som er typisk for det gamle driftesettet. Store delar av lokaliteten er del av det verna Imsvassdraget.



Figur 42. Kystlyngheia sett frå Fjogstadnuten. Heia er open og godt skjøtta med storfe og sau. Stadvis er beitet noko hardt.

Lokalitetar som ikkje tilfredsstillar krava og kan erstattast

BN00113348

Lokaliteten er sterkt gjødselpåverka og inneheld ikkje dei verdiane som låg til grunn for tidligare verdivurdering. Gjenverande areal med naturbeitemark er alt for små til å verdisettas. Røsslyng er i all hovudsak utgått frå området. **Lokaliteten kan tas ut av Naturbase.**

BN00113371

Avgrensningen består i all hovedsak av mer eller mindre gjødselpåvirket beite. Det meste av arealet er tydelig tilført gjødsel, enten via kunstgjødsel eller gjennom tilleggsforing og naturlig tilført møkk. Det er også større plantefelt med sitkagran i området. **Lokaliteten kan tas ut av Naturbase.**

BN00114871, BN00114856 og BN00114866.

Desse tre førekomenstande er små kystlyngheier som er tatt ut samband med ei konsekvensutredning. I samband med ny kartlegging blir desse tatt inn i ny avgrensning med Ecofact ID 11.

BN00039825, BN00040175 og BN00040176

Desse tre lokalitetane på Mol i Sokndal erstattast av nye lokalitetar (4, 5 og 6). For BN00040176 kan det vere rik edellauvskog eller liknande langs Molebekken, som ikkje

vart undersøkt i 2018. Det kan vurderast om ei mellombels avgrensing skal oppretthaldast her inntil området eventuelt vert undersøkt. Store lokalitetar med kystlynghei omkransar kulturmarka på Mol, og desse lokalitetane kan utvidast ut frå siste ortofoto.